



**Olav Duuns
Juvikfolket 100 år**

Duun er verdsett over heile spekteret i litteraturhistoria. Kva gjer *Juvikfolket* aktuell hundre år etter?

SIDE 28-29



**Språkparadokset
Stanghelle**

- Eg har ikkje vore nokon pioner for nynorsken og kunne ha gjort meir, seier Harald Stanghelle.

SIDE 14-15



**Kunnskapsminister
Tonje Brenna**

Med ny opplæringslov styrkjer vi rettane til dei som brukar eit sidemål, meiner Tonje Brenna.

SIDE 6-7

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 2
april 2023

Ny opp- læringslov lagt fram

- Lova er ikkje god nok for nynorskelevane, seier mållagsleiaren.

Side 4-5



Noko nytt, noko gammalt

■ Så er framlegget til opplæringslova her. Det viktigaste kravet frå målrørsla er ikkje innfridd: det er ikkje føreslått nynorskkrav for læringsressursar utvikla til bruk i skulen. Målrørsla har fått andre gode gjennomslag, deriblant språkdelt klassar på ungdomsskulen og ei lovfesting om at skriveprogram må kunna både bokmål og nynorsk. Men det hjelper fint lite om du går i nynorskklasse heile skuleløpet, dersom du ikkje får læremiddel på det språket du ønskjer. Kva meiner kunnskapsminister Tonje Brenna om saka, og kva er dei viktigaste forslaga i lovframlegget? Dette, og meir om opplæringslova kan du lese meir om i denne utgåva.

■ Det er hundre år sidan Olav Duun fullførte seksbandsverket *Juvikfolket*. Vidarforlaget har gjeve ut denne og andre utvalde verk av Duun, i nye utgåver dei siste åra. *Juvikfolket* er av mange rekna som hovudverket til Duun, og i den norske litterære kanon elles. *Norsk Tidend* markerer hundreårsjubileet med ein tekst om *Juvikfolket* skrive av Heming H. Gujord, professor i nordisk fagdidaktikk og litteratur ved UiB. Kva kan Duun fortelje oss i dag? Kvifor bør me markere hundreårsjubileet til Duuns storverk? Og bør me på ny finne fram Duun, ein for nokon gløymd forfattar?

■ Det er også litteraturnytt: No kjem internett-teikneserien *Pepar* og *Gulrot* ut i fysisk format for første gong på norsk - og det i nynorsk språkdrakt! Dette blir Outland Forlag si første utgjeving på nynorsk. Kva tenkjer dei om det, og kva er røynda for teikneseriar på norsk i dag? Det kan du lese om her. Det er også intervju med den legendariske teiknaren Håkon Aasnes, som nett blei 80 år.

■ I denne utgåva av *Norsk Tidend* vil de leggje merke til ei rekke endringar i utsjånaden. Redaktøren gav setjaren, Audun Skjervøy, i oppdrag å lage ein meir stilrein og lesevenleg utsjånad på avisa. Den første delen av det som skal vere ei oppdatering av bladet, fokuserer på det reint grafiske, men fram mot neste blad vil det også bli gjort fleire endringar. Nokre spalter vil bli flytta på, nokre vil kanskje forsvinne, og noko nytt vil kome til. Men det aller meste vil vere attkjenneleg, og avisa skal framleis vere eit organ for medlemmane. Takk til Audun for formidabelt arbeid så langt.

■ Eg kan også melde at frå og med i år vil *Norsk Tidend* vere tilgjengeleg som opplesen avis hjå Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek. Det er me svært stolte av, og vonar folk vil ha glede av avisa!

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Utgegeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Vemund Norekvål Knudsen

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Stortingsrepresentantane som vedtek den nye **opplæringslova** i juni, skal sjå for-eldra til nynorskelevane i auga og be om attval om to år.

Kunnskapsdepartementet er asfalten nynorske løvetannbarn må sprengje seg gjennom

■ leiarteigen



PEDER LOFNES HAUGE
Leiar i Noregs Mållag

■ Alle norske elevar har lenge hatt rett til læremiddel på eige språk, men tida der eit læremiddel var éi fysisk bok i kvart fag, er forbi. Penn og papir blir bytte ut med PC og iPad, og skjermtida aukar. I løpet av ein skuledag er elevane innom ei lang rekkje digitale læremiddel, læringsressursar, appar og verk-tøy - og berre eit fåtal finst på nynorsk.

■ Noregs Mållag meiner Stortinget må lovfeste krav om nynorskversjonar av alle læringsressursar som er laga for å bli brukte i opplæring. Berre slik kan vi sikre nynorskelevane ei like god opplæring som bokmåselevane.

■ Kunnskapsminister Tonje Brenna (Ap) og regjeringa meiner det er eit urimeleg krav. Anten forstår ho ikkje kva det dreier seg om, eller så vil ho ikkje forstå. Konsekvensen er uansett at nynorskelevane blir tvinga til ei opplæring på feil språk.

■ Regjeringa lét igjen øyra for det fortvilte ropet frå elevar, foreldre, lærarar og rektorar i nynorsk kommunane. Som leiar i Mållaget blir eg ikkje berre fortvila, eg er forbanna rasande! Det er offisiell norsk språkpolitikk at det offentlege aktivt skal fremje nynorsk. Det minst brukte språket må bli favorisert for å jamne ut dei skeive tilhøva mellom språka våre. Men her ber vi ikkje om særiltak. Vi ber om likeverd.

■ Nynorskelevane er ikkje andrerangs elevar, men styresmaktene vil ikkje gje dei like kår. Argumentasjonen deira er både lettbeint og vikarierende, og full av logiske brestar. Det er som dei ikkje veit kva dei snakkar om.

■ Eg kan forklare: Eit nynorskkrav til digitale læringsressursar som er laga for skulen, vil utfordre «skolens pedagogiske og faglege handlingsrom», seier dei. Nynorskskulane har ikkje dette handlingsrommet i dag, dei er stort sett tvinga til å velje bokmål. Ingen vil misse noko valfridom av å kunne velje mellom språka. Dei som lagar

desse appane og programma, bryr seg ikkje om nynorsk, men om pengar. Dei utnyttar den utydelege skilnaden mellom læremiddel og læringsressurs for å unngå nynorsk. Med lovkrav må dei lage nynorskversjonar for å kunne selje produkta sine til norske skular. Det er teknisk gjennomførbart, og kostar ikkje staten ei krone.

■ Regjeringa hevdar vidare kor urimeleg det ville vore om alle avisartiklar, leksikon eller kjelder på internett skulle ha nynorskkrav på seg for å bli brukte i klasserommet. Men det er ikkje det vi ber om! Departementet seier i klartekst at ein læringsressurs har fagleg innhald, gjerne i mindre omfang [enn læremiddel, min merknad] og i avgrensa emne og tema. Regjeringa skil altså mellom generelle ressursar og læringsressursar som er utvikla for bruk i opplæring.

“ **Nynorskelevane er ikkje andrerangs elevar, men styresmaktene vil ikkje gje dei like kår. Argumentasjonen deira er både lettbeint og vikarierende, og full av logiske brestar.**



Illustrasjon: Kjartan Helleve

■ Men når dei brukar døme (avisartiklar, leksikon og kjelder på internett) frå den første kategorien som argument mot nynorskkrav for den andre kategorien, heng ikkje logikken deira på greip. Det er departementalt juks og grenselaust provoserande.

■ Vi og nynorskelevane har massiv støtte bak krava, frå norske kommunar, organisasjonar som Utdanningsforbundet og statens eige fagorgan for språkspørsmål, Språkrådet. Men mest interessant er den mobiliseringa vi ser på grasrota i regjeringspartia. Lokal- og fylkeslag i

Arbeidarpartiet og Senterpartiet krev at regjeringa si vedtek endringa vi foreslår.

■ Alle stortingsrepresentantane som snakka om lova då ho kom, understreka at ein ikkje har kome i mål. Det blei altså opna for endringar allereie før lovforslaget var éin time gamalt.

■ Det er det gode grunnar til: No er det Stortinget som har ansvaret for korleis lova blir. Og stortingsrepresentantane som vedtek lova i juni, skal sjå foreldra til nynorskelevane i auga og be om attval om to år.

■ sagt

Og der den økonomiske eliten i verda ein gong i året møtest i Davos, har nynorsken sitt eige maktsenter her på DaVoss.

Peder Lofnes Hauge
i tale til Voss Mållag

Dersom du vel å ikkje glede deg over nynorsken
Vil du ha mindre glede i livet
men
same mengde nynorsk.

Peder Lofnes Hauge
med omskriving
av «vinterglede»
i tale til Voss Mållag

Når de endelig har lært etos, patos og logos, og bruker dem aktivt for å fortelle deg at de fortjener høyere karakter i nynorsk.

Kathrine Nyborg Johansen,
lektor, til Nordnorskdebatt.no

- Vi vet ikke årsaken til hendelsen, men damen var ikke fra Førde og virket frustrert over å befinne seg i Førde midt på natten, uten mulighet til å komme seg hjem, sier operasjonsleder Dag Erik Johannesen til kanalen.

VG

- Å flytta til Luster er den beste avgjerda me har teke. Så har eg gått frå å vera steil bokmålsmann til å bruka mest nynorsk når eg skriv. Det er mykje rart som skjer deg i livet, seier han og ler godt.

Andreas Wollnick Wiese
til Sogn Avis

Bokmål: Han nærer hengivenhet for det nynorske språk

Nynorsk: Han er målmann

Engelsk: He is a keeper <3

@EEstenstad på Twitter

Ikke noe NATO-medlemskap til land som tillater å brenne nynorsk ordliste

@yngveNH på Twitter

Ivar hadde skjegg. Aasmund hadde skjegg. Olav hadde berre duun.

@ikkjebegensar på Twitter

For nynorsk er det for lite av, endå det er til for alle, ja anten ein seier noko slikt som æ, je, i, e, jei eller æg om seg sjølv.

Erlend Bakke i Klassekampen

- Jeg leser ikke nynorsk. Jeg orker ikke lese nynorsk. Spesielt reagerer jeg på at man skriver Noreg om Norge! Jeg har ikke noe imot at folk snakker nynorsk, men hva skal vi med to skriftspråk?

Hvorfor skal nynorsk presses inn i Bergen? Hva er det som foregår?

Roald Mjøs i Bergensavisen

Fredag 24. mars la kunnskapsminister Tonje Brenna fram forslag til ny opplæringslov. Noregs Mållag har sidan vore **sterkt kritisk til forslaget** frå regjeringa, og krev at Stortinget no tek oppgåva med å rydde opp i lova. I denne teksten kan du lese meir om kvifor Mållaget meiner det vi meiner no.

Dette er krava til Noregs Mållag

FRIDA PERNILLE MIKKELSEN
frida.mikkelsen@nm.no

■ I 1971 streika 30 000 elevar ved 112 skular for å få lovfesta retten til at lærebøker på nynorsk skulle kome til same tid og pris som lærebøker på bokmål. I 1974 vart det del av lova. I dag, rett rundt 50 år seinare, kjempar vi igjen for den same retten. Departementet føreslår at ordlyden skal vere nesten identisk med ordlyden frå 1974, men alle som har vore innom eit klasserom dei siste åra veit at opplæringa i 2023 er langt frå identisk det ho var på 70-talet. Difor må vi no ta kampen på ny.

Mangelfull definisjon

Ei vidareføring av læremiddelparagrafen (boks 1) som departementet føreslår, vil i realiteten svekke retten nynorskelevar har til opplæring på sitt eige språk. Kunnskapsdepartementet har fire vilkår for at noko skal kvalifiserast som eit «læremiddel» og bli omfatta av parallellitetskravet:

- 1) dei er trykte eller digitale,
- 2) dei er utvikla til bruk i opplæringa
- 3) dei skal brukast jamleg i opplæringa
- 4) dei dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget.

Alle desse vilkåra må vere oppfylte for at noko er eit læremiddel. Og det er berre læremiddel som skal kome på nynorsk og bokmål til same tid og same pris.

Resultatet blir at veldig mange av dei ressursane, programma, læringsstiane, pedagogiske nettsidene, ekstraarka og appane elevane bruker gjennom ei skuleveke ikkje kan reknast som eit læremiddel. Då har ikkje produsentane noko plikt til å lage nynorskversjon, og skulane har

Framlegget frå kunnskapsminister Tonje Brenna

■ § 15-3 Krav til rettskriving og krav til skriftspråk i læremiddel

Med læremiddel er her meint alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa, som skal brukast jamleg i opplæringa, og som dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget.

Skolen skal bruke læremiddel på norsk og samisk som følgjer offisiell rettskriving.

Skolen skal bruke læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Kravet gjeld ikkje

- a. læremiddel i faget norsk
- b. læremiddel i fag med årskull med 300 eller færre elevar
- c. læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del

Dei trykte læremidla i norskfaget i grunnskolen skal samla ha nok tilfang på både bokmål og nynorsk, slik at elevane lærer å lese begge skriftspråka.

også lov til å bruke dei i klasserommet. Nynorskelevane sit igjen i eit digitalt klasserom fylt av bokmål.

Mange skular og lærarar gjer eit kjempearbeid i å leite fram dei få ressursane som kjem med nynorskversjon, eller lar vere å bruke program og opplegg som ikkje er på nynorsk. Lærararen sit igjen med eit val: Skal dei velje å bruke alle dei kjekke nye pedagogiske elementa, eller halde igjen å bruke meir av det utdaterte gamle materialet slik at elevane kan møte nynorsk?

Noregs Mållag sitt framlegg

■ § 15-3 Krav til rettskriving og krav til skriftspråk i læremiddel

Med læremiddel er her meint alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa, som skal brukast jamleg i opplæringa, og som dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget.

Skolen skal bruke læremiddel på norsk og samisk som følgjer offisiell rettskriving.

Skolen skal bruke læremiddel, **og læringsressursar som er utvikla til bruk i opplæringa** som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Kravet gjeld ikkje

- a. læremiddel i faget norsk
- b. læremiddel i fag med årskull med 300 eller færre elevar
- c. læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del

Dei trykte læremidla i norskfaget i grunnskolen skal samla ha nok tilfang på både bokmål og nynorsk, slik at elevane lærer å lese begge skriftspråka.

Løysinga til Noregs Mållag:

Noregs Mållag har ei løysing: Læremiddelparagrafen må oppdaterast (boks 2). Læringsressursar som er utvikla til bruk i opplæringa må kome med i parallellitetskravet.

Kunnskapsdepartementet beskriv læringsressursar som ein ressurs som har fagleg innhald, med mindre omfang og i avgrensa emne og tema. Dei delar også opp læringsressursar i to kategoriar:

- 1) Ressursar generelt: ressursar som blir brukte i skulen, for eksempel avisartiklar, leksi-

- kon og kjelder på internett.
- 2) Læringsressursar som er utvikla til bruk i opplæringa

Det er kategori to Mållaget no krev blir ein del av parallellitetskravet. Det opnar for at lærarar framleis kan ta med seg andre ressursar og verktøy inn i klasserommet uavhengig av språk, det lar læremiddeldefinisjonen stå som han gjer, og det sikrar nynorskelevane litt meir av opplæringa på nynorsk.

Lovteksten regjeringa har føreslått:

§ 3-1 Bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen, andre ledd

Elevar på 1. til 7. trinn skal i det skriftlege arbeidet bruke det skriftspråket som kommunen har vedtatt som hovudmål for skolen. Foreldra til elevane vel om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk. Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål, og om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk.

§ 15-2 Hovudmål på kvar skole

Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skole, anten bokmål eller nynorsk. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra.

I samband med skifte av hovudmål på ein grunnskole eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre i kommunen krev det, skal det haldast rådgivande røysting. Nytt vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det har gått fem år. Departementet kan gi forskrift om røysterett, ansvar for røystinga og organisering av røystinga.

§ 17-3 Krav om kompetanse for å bli tilsett i lærarstilling, første og tredje ledd

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at dei som blir tilsett i lærarstilling, har relevant fagleg og pedagogisk kompetanse seinast når dei tar til i stillinga.

Departementet kan gi forskrift om kva kompetanse ein må ha for å kunne bli tilsett i lærarstilling.



Tonje Brenna på framlegginga av forslag til ny opplæringslov.

Foto: Tobias Christensen Eikeland / Motmæle

Nokre sigrar for nynorskelevane

Opplæringslova har også gitt nynorskelevane nokre nye rettar. I framlegget ligg retten til å gå i språkdelt grupper ut heile grunnskulen inne, og det blir slått fast at skriveprogram skal kunne nynorsk. Det skal bli slutt på at nynorskelevar får raude strekar under ord dei skriv heilt rett!

I august 2021 la dåverande kunnskapsminister Guri Melby fram eit første forslag til ny opp-

læringslov. I forslaget frå Melby var språkdelt ungdomsskule og nynorsk støtte til skriveprogram ein del av lovframlegget. Dette er også inne i framlegget til Tonje Brenna. Difor har ikkje vi jubla noko særleg i denne runda: det er sigrar som allereie er feira.

I pressemeldinga frå august 2021 skreiv Noregs Mållag: «Regjeringa kjem med den største sigeren for nynorskelevane på nesten femti år ved å gje elevane rett til opplæring på eige språk ut heile grunn-

skulen». Språkdelt ungdomsskule kjem til å bli ein veldig viktig rett for nynorskelevar som bur i områda der nynorsk møter bokmål. Ein rett Mållaget har jobba for i mange år, og ein rett vi igjen skal feire når han blir vedteke!

Det eine gjennomslaget Tonje Brenna gav nynorskelevane i lova ho la fram i mars, var at ho tok vekk atterhaldet førre regjeringa hadde lagt inn i skriveprogram-kravet. Der det før var skriveprogram som støttar nynorsk og bokmål, er det no eit absolutt krav.

Fjernar ålmenn røysterett

Når Mållaget no sender inn sine siste innspel før politkarane på Stortinget skal seie sitt om lova, peikar vi også på fleire punkt som kan slå vondt ut for nynorsk i skulen.

Regjeringa vil ta vekk ålmenn røysterett ved skulemålsrøystingar, og ønsker heller ei eiga forskrift som seier kven som har røysterett. Kva språk ein skule i ei bygd eller ein by skal læra dei komande generasjonane, er ei sak som påverkar heile lokalsamfunnet over tid. Hovudmålet ved skulen er like viktig for 18-åringen som er neste generasjons foreldre, som for dei som har born på skulen det året det tilfeldigvis er røysting om skulemålet. Heile lokalsamfunnet rundt skulen har interesse i saka. Difor må det vere ålmenn røysterett.

Forskiifter til lover kan kvar regjering endre som dei vil, og det ålmenne røysteretten i skulemålsrøystingar er for viktig til at den kan bli endra så lett!

Forslag med uvisse konsekvensar i vgs

Regjeringa har også føreslått eit heilt nytt krav om at fylkeskommunar skal vedta hovudmål for vidaregåande skular. Departe-

mentet meiner det lagar samanheng i lova, at ein både kan vedta hovudmål i grunnskule og vidaregåande. Mållaget meiner at konsekvensane av forslaget ikkje er diskutert i det heile.

I vidaregåande skule vel eleven sjølv hovudmål og har ikkje rett på språkdelt klassar. Såleis vil dei fleste vgs-klasseromma i randsonene ha elevar med begge hovudmåla. I eit slikt opplæringsmiljø, er det svært uheldig om skulen har eit vedtak om bokmål som hovudmål. Nynorskelevar bør ikkje måtte gjennomføre treårig vidaregåande skule utan å sjå hovudmålet sitt i ein einaste skuletime. Det vil vere er svært uheldig for språkjensla og -utviklinga deira.

Utfordrande for grunnskulane

Ei anna utfordring for grunnskulane i områda der nynorsk møter bokmål er at foreldre vel læremiddel på bokmål sjølv om barnet har nynorsk som hovudmål.

Kunnskapsdepartementet meiner det er naturleg at læremidla til eleven skal støtte opp om hovudmålet, og legg til grunn at foreldre ikkje vel læremiddel på bokmål når eleven har nynorsk som hovudmål på 1. til 7. trinn. Difor vil dei ikkje føreslå noko lovtekst som gjer at elevar med nynorsk som hovudmål på barneskulen også må ha læremiddel på nynorsk.

Noregs Mållag spelar også inn kor viktig nynorskkompetanse er blant lærarar. Lesing og skrivning blir i læreplanverket definerte som grunnleggjande ferdigheiter som skal øvast opp i alle fag. Dimed er nynorskkompetanse ein relevant fagleg og pedagogisk kompetanse alle lærarar må ha. Regjeringa har føreslått at lova skal få ei forskrift med nærare krav til kompetanse.

– Med denne lova styrkjer vi rettane til dei som brukar eit sidemål. I framlegget til ny opplæringslov utvidar vi retten til opplæring i eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedtatt som hovudmål.

Ein prat med Tonje Brenna om opplæringslova

TEKST OG FOTO:
TOBIAS CHRISTENSEN EIKELAND
Motmæle

■ Kunnskapsminister Tonje Brenna (Ap) la fram framlegg til ny opplæringslov fredag, 24. mars 2023. Arbeidet med denne lova har vara sidan 2017. Guri Melby (V) leverte frå seg framlegget sitt til ny opplæringslov i august 2021, like før stortingsvalet. Då Brenna skulle leggje fram regjeringa Støre sitt nye framlegg til ny opplæringslov, låg spenninga for mange i om lovframlegget deira er betre for nynorskelevane.

Motmæle deltok på pressekonferansen, der me fekk eit intervju med statsråden.


Utvidar språkdelt opplæring til ungdomsskulen

– Med denne lova styrkjer vi rettane til dei som brukar eit sidemål. I framlegget til ny opplæringslov utvidar vi retten til opplæring i eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedtatt som hovudmål, når minst ti elevar på same trinn i kommunen ønsker det. I dag gjeld retten berre på barneskulen, men vi foreslår at den same retten blir utvida til også å gjelde ungdomsskulen, fortel kunnskapsminister Tonje Brenna til Motmæle.

For Norsk Målungdom har språkdelt ungdomsskule vore eit krav til den nye opplæringslova gjennom heile prosessen, og vi feira denne sigeren i 2021 (Framtida.no), då Guri Melby (V) leverte dette i sitt framlegg til ny opplæringslov.

Skriveprogram må støtte nynorsk, utan atterhald

– Det blir også foreslått å innføre krav om at skulen skal bruke skri-



TJUKK BUNKE: Framlegg til ny opplæringslov er på over 800 sider.

veprogram som støttar både bokmål og nynorsk. Dette skal sikre at alle skular vel skriveprogram som har tilfredsstillande nynorsk, slik at alle elevar får bruke skriveprogram av god kvalitet, uavhengig av hovudmål, seier Brenna.

Dette var også foreslått i framlegget frå Melby, med atterhaldet «så langt som råd». I dette framlegget er dette atterhaldet fjerna, som gjer at det ikkje under nokon omstende kan brukast program som ikkje stør både nynorsk og bokmål fullt ut.

Statsråden stadfestar at begge desse endringane er veldig viktige.

– Det hadde øydelagt veldig mykje for elevane om dei ikkje kunne valt nynorsk som språk, eller at det hadde vore raude strekar under korrekt nynorsk fordi retteprogrammet var på bokmål, så eg er veldig glad for at vi har fått på plass det.

Språkkrav kan innsnevre kreativiteten

– Kvifor har departementet lagt seg på ein så avgrensa definisjon av læremiddel, som ikkje inkluderer dei læremidla som faktisk blir brukte i skulen?

– Vi må vere tydelege på å skilje mellom læremiddel og læringsressursar, altså andre ting vi brukar. For læremidla er kravet absolutt, og vi vidarefører kravet om at læremiddel skal ligge føre på elevane si målform.

Brenna håpar at Stortinget vil støtte dette.

– Så er det alle andre ting ein brukar i samband med opplæringa. Det kan jo vere at læraren ønskjer å setje ekstremisme på dagsordenen, til at ein ønskjer å vise innhald frå NRK Super for å gjere undervisninga meir relevant. Der er det vanskeleg å ha eit parallellitetskrav, rett og slett fordi behovet for ein læringsres-



IKKJE SPRÅK-KRAV: Kunnskapsminister Torje Brenna meiner språkkrav til læringsressursar går ut over fridomen til lærarane.

surs oppstår i den enkelte opplærings situasjonen. Eg er bekymra for at vi ville fått ei innsnevring av kor kreativ ein kan vere i opplærings situasjonen, om vi hadde hatt eit så stramt krav.

Kunnskapsministeren seier at denne bekymringa er større enn bekymringa for at ein ikkje brukar nynorsk der ein kan.

– Det veit eg at mange lærarar er opptekne av. La oss seie at du er ein lærar som står i klasserommet og får ein idé, og elevane blir kjempeengasjerte i den, men så kan du ikkje lenger gjere det fordi du ikkje kan gjere det på nynorsk. Det hadde vore dumt for opplæringa, også for nynorskelevane, meiner Brenna.

Kunnskapsdepartementet opplyser om at det er kommunen og fylkeskommunen som må vurdere om den samla bruken av læremiddel og læringsressursar på skriftspråket til eleven er tilstrekkeleg for å sikre at rettane til elevane blir oppfylte.

Meiner at parallellitetskravet ikkje kan femne om meir

Då lovframlegget vart lagt fram før påske, reagerte ei samla målørsl på at det ikkje var gjort nokon endringar i læremiddelfinisjonen. Dei meiner parallellitetskravet i opplæringslova også skal gjelde for læringsressursar som er utvikla til bruk i opplæringa.

– *Meiner du at den pedagogiske fridomen til lærarane går framføre språkrettane til elevane?*

– Det som ikkje står i lova, er at eg ikkje kan vise ein episode av julekalender på NRK Super, fordi den ikkje er teksta på nynorsk. Det er veldig fint om ein vil sjå julekalender i lag, og då tenkjer eg at vi må vere heilt tydelege på å skilje mellom læremiddel, og andre læringsressursar som vi på ein eller annan måte brukar i klasserommet. Er det læremiddel vi diskuterer, så er det parallellitetskravet som gjeld. Går vi vekk frå det, då kjem nynorsken til å tape, for då ville vi ikkje kunna hatt noko parallellitetskrav. Så styrken for nynorsken er at vi insisterer på å stå hardt på det.

Kunnskapsdepartementet ønskjer å understreke at samansetninga av læremiddel og ressursar som blir brukte, i sum skal støtte opp under skriftspråket til eleven. Kva som blir omfatta av parallellitetskravet, skal sjåast i samheng med retten eleven har til å velje om hen vil ha læremiddel på bokmål eller nynorsk.

Måndag 6. mars var det rådgjevande folkerøysting i Hjartdal kommune om undervisningsspråket på Sauland skule, som er den offentlege skulen i kommunen. Resultatet var klart **fleirtal for framleis nynorsk**.

Hjartdal ønskjer framleis nynorsk opplæringspråk

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ 189 røysta for nynorsk, som er 54 % av røystene. 158 røysta for bokmål, som er 45 %. Fire røyster, altså om lag 1 %, røysta blankt. Dei to private skulane i kommunen har begge nynorsk som opplæringspråk.

Ordførar Bengt Halvard Odden (Ap), som sjølv argumenterte for bokmål i eit lesarinnlegg, hadde håpa på eit klarare resultat. Han seier til NRK og Telen at resultatet ikkje gjer valet enkelt når kommunestyret skal avgjera saka 26. april.

Låg valdeltaking er noko av grunnen til at valet er vanskelig for kommunestyret, meiner Odden. 27,72 prosent av dei røysteføre i kommunen deltok i folkerøystinga.

Dette er over snittet ved folkerøystingar om undervisningsspråk i skulen.

Nokre gonger finn folkerøystingar om undervisningsspråk stad på grunn av eit folkekrav, til dømes som følgje av ein underskriftskampanje.

Folkerøystinga i Hjartdal fkom etter eit vedtak i kommunestyret. Det var såleis ikkje eit folkekrav som stod bak avgjerda om å halda folkerøysting i Hjartdal.

Norsk Tidend har sett på skulerøystingar som har vore dei siste åra. Alle dei røystingane som er nemnde her, er komne til etter vedtak i kommunestyret. Altså utan at det har vore krav frå folket om ei slik røysting. I alle røystingane me her viser til, har kommunestyret følgd resultatet av folkerøystinga, uavhengig av frammeopprepresenten:

- Grinde skule, Tysvær kommune, 2016. Frammøte 15 %
- Engjom skule/Fjerdum skule, Gausdal kommune, 2016. Frammøte 20 %
- Otta skule, Sel kommune, 2018. Frammøte 5,8 %
- Blindheim skule, Ålesund, 2018. Frammøte 9 %
- Stangaland skule, Karmøy kommune, 2020: Frammøte 17,3 %



BOKMÅL: Hjartdal ordførar Bengt Harald Odden ville sjølv ha bokmål som opplæringsmål.

- Jendem skule, Hustadvika kommune, 2021. Frammøte 29 %

– Det er ikkje rett berre å leggja vekt på fleirtalsmeininga berre mellom dei som har born på skulen akkurat no, slik ordføraren vil. Dette er ei viktig kulturpolitisk sak for heile bygda, og alle røyster skal telja likt. Eg håpar Hjartdal kommune vil bera vidare det nedarva språket, i form av det nynorske skriftspråket, slik fleirtalet i folkerøystinga ynskjer, seier Sigbjørn Hjelmbrække, leiar av Telemark Mållag.

Norsk Tidend tok kontakt med ordførar i Hjartdal, **Bengt Harald Odden** (Ap), per e-post.

1. Det har vore ein god del røystingar om opplæringsmålet dei siste åra. Det største frammetet i folkerøystingar om opplæringsmål har vore 29 %. Likevel har kommunestyra følgd rådet frå folket, sjølv der frammetet var under ti prosent. Hjartdal kommune har altså blant dei høgste frammeopprepresentane. Er det gode grunnar til at Hjartdal kommune ikkje skal følgja rådet frå folket?

Rådgivende folkeavstemming er en av flere grunner som skal vektes i et saksfremlegg. Enn så lenge så ligger utarbeidelsen av dette saks-

fremlegget hos administrasjonen. Vi som folkevalgte ser frem til å lese det breidt sammensatte saksgrunnlaget, før det endelige vedtaket om fremtidig målform skal fattes.

2. Er det mogleg å tolka den låge frammeopprepresenten som eit signal om at folk ikkje ønsker ei endring av opplæringsmålet? Dersom folk meinte det var viktig å få endra opplæringsmålet på skulen, ville dei vel visa dette ved å møte fram og røysta ved valet? Dersom folk ikkje meiner det er viktig å endra opplæringsmålet, kan dei visa det ved anten å røysta nynorsk ved valet eller la vera å røysta.

Det er en krevende øvelse å tolke årsaker til lavt fremmøte. Slike svar kan brukes til nye tolkninger.

Avstemmingen er gjennomført og oppmøteopprepresenten er slik den er. Personlig er jeg overrasket over den lave oppmøteopprepresenten – uavhengig av hva som har vært resultatet i andre kommuner.

3. Val av opplæringsmål får store følgjer for den lokale språkkulturen, og dermed følgjer for den nasjonale språkkulturen. Difor er det allmenn røysterett om slike spørsmål. Bør viljen til fleirtalet i røystinga vega tyngre enn ulike praktisk-pedagogiske utfordringar med nynorsk som fyrste opplæringspråk?

Viser til svaret på spørsmål nr 1. For meg er det viktig å se et helhetlig, bredt sammensatt, saksfremlegg som legger både positive og negative konsekvenser med de ulike alternativene til grunn for en anbefaling fra kommunedirektøren.

4. Er det andre måtar ein kan løysa praktisk-pedagogiske utfordringar i skulen i Hjartdal enn ved å skifta målform?

Det er helt sikkert mange måter man kan tilnærme seg og løse praktisk-pedagogiske utfordringer. Dette er spørsmål som kommunalsjefen for oppvekstsektoren eller andre med fagkompetanse på området har bedre forutsetninger for å svare på enn hva jeg som folkevalgt har.

5. Kva har Hjartdal kommune gjort for å styrkja opplæringa i skulen?

Viser til svaret over. Dette må administrasjonen svare på.

Sunnfjord kommune vann Klarspråkprisen

Klarspråkprisen for kommunar og fylkeskommunar gjekk i år til Sunnfjord kommune. Utdelinga skjedde på konferansen Klart språk 2023.

■ Dette er femte gong Klarspråkprisen blir delt ut av Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD).

Kommunal- og distriktsminister Sigbjørn Gjelsvik seier at klart språk er avgjerande for å tilby brukarvennlige tenester til innbyggjarar over heile landet. Han gjev ros til alle som bidreg til klarspråk-innsatsen i stat og kommune.

– Arbeidet med klarspråk heng saman med sjølve kjernen i demokratiet vårt. For at den einskilde skal forstå rettane sine, rekkevidda av vedtak og varetta sine interesser, er det svært viktig at informasjon og vedtak frå offentlege etatar og organ er forståeleg, seier Gjelsvik i ei pressemelding.

Klarspråkprisane går til



KLART SPRÅK: Ordfører i Sunnfjord kommune, Jenny Følling (midten) tok imot prisen saman med Malin Moldestad (til høgre) i klarspråk-gruppa i kommunen. Statssekretær Gunn Karin Gjul (til venstre) delte ut årets pris.

Foto: KS/Hege K. Fosser Pedersen

aktørar i offentleg sektor som har gjort ein ekstraordinær innsats på feltet. KDD deler ut to klarspråkprisar i år. Medan Miljødirektoratet fekk «Klarspråkprisen for staten», gjekk altså «Klarspråkprisen for kommunar og fylkeskommunar» til Sunnfjord kommune i Vestland fylke.

– Det er sjølvstas stor stas å få denne prisen. Dette gir

oss god motivasjon i vidare arbeid. Denne standarden som no er sett, den må vi halde framover. Dette er arbeid som vi aldri blir ferdige med, så det å ha med seg denne inspirasjonen er veldig verdifullt, seier kommunedirektør Terje Heggheim i Sunnfjord kommune i pressemeldinga.

NPK

Strategisk bruk av midlane i Noregs Mållag

■ Nynorsk er eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg. Denne statusen er truga, m.a. av sterke krefter som vil ha bort sidemålsstilen.

Fram til samanslåinga med Sogn og Fjordane var Hordaland det største nynorskfylket i landet med nær på ein tredjepart av alle nynorskelevane i landet. Av 75 244 nynorskelevar vart 24 346 heimehøyrende i Hordaland i skuleåret 2019/20.

I Vestland fylke bur over femti prosent av alle nynorskelevane i Noreg. Men i motsetnad til i Sogn og Fjordane er nynorsken sterkt truga i Hordaland.

Frå 1992 til i dag har nynorskprosenten i Hordaland felle frå 52 til 38 prosent. Særleg utsett er nynorsken i området kring Bergen.

I Arna er nynorsk skulemål langt på veg borte. I skuleåret 20/21 var det 13 elevar i tiande klasse på Garnes ungdomsskule som hadde nynorsk som hovudmål. Og desse 13 elevane var

■ lesarbrev

truleg blanda i fem eller seks klassar med til saman 146 elevar.

I dei gamle Nordhordlands-kommunane Meland og Lindås er nynorsken i faresona, og endå verre er det vest for Bergen der nynorsk skulemål rasar ut.

Dette gjev seg m.a. utslag i at berre fire prosent av elevane på Sotra vidaregåande skule har nynorsk som hovudmål. Sotra vidaregåande skule er nærskulen til elevane i dei gamle kommunane Sund, Fjell og Øygarden som no er slegne saman til «nye» Øygarden kommune med 39 032 innbyggjarar.

Mykje tyder på at nynorsken kan få same lagnaden i Øygarden som han fekk i Arna. I Arna var det så seint som i 1976 76 prosent av elevane som fekk opplæring på nynorsk.

Og i Bergen har nynorskprosenten felle frå seks til ein prosent dei siste tjue åra.

For å demma opp mot dette sterke bokmålspresset trengst det medvite og strategisk målarbeid.

Til dette arbeidet har Hordaland Mållag bruk for ein sekretær i full stilling. Finansieringa av stillinga må vera gjennom overføring frå Noregs Mållag, m.a. som ein del av statsløyvinga som i 2022 var på 6 290 000 kr og med egne målgåvebrev.

Kanskje bør fylkesmållaget i Sogn og Fjordane trø støttande til. I mangt og mykje står målarbeidet i Sogn og Fjordane i eit lagnadsfelleskap med målarbeidet i Hordaland.

I alle fall må målfolk over heile landet sjå kor viktig Hordaland er for nynorsk som eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg. Og dette må få konsekvensar for korleis midlane i Noregs Mållag vert brukte.

Harald Jordal
og Knut O. Dale, Odda

■ media



JÓGVAN HELGE GARDAR
Leiar i kringkastingsringen

Meir støtte til språk!

■ Før jul melde Medietilsynet at dei fire avisene Ávvir, Ságat, Snásningen og NordSalten Avis fekk om lag 39 millionar kroner i produksjonstilskot i 2022. «Støtta bidrar til å gjere dei samiske skriftspråka meir synlege. Desse avisene spelar ei viktig rolle for den samiske språkutviklinga», heitte det i pressemeldinga. Ein blir alltid glad når eit statleg organ så tydeleg understrekar kor viktig det er å sjå sitt eige språk i kvardagen og å halde oppe bruken av det. Noko av det kjekkaste med dette er at det berre er Ávvir og Ságat som er reine samiske aviser. Snásningen og NordSalten Avis definerer seg som tospråklege. Slik stør ein arbeidet med å halde samisk levande utanfor kjerneområda og i randsonene.

■ Førebels ser ein annleis på nynorsk. Det er berre naturleg om Dag og Tid i søknadane sine legg vekt på at det er ei rein nynorskavis, men det kan like godt vere at dei får produksjonstilskot fordi det er ei såpass god og velskriven avis. Men i utgangspunktet kan ingen nynorskaviser, inkludert dei tospråklege, rekne med å få tilskot med ei tilsvarande grunngeving som dei samiske. Dei må halde fram med å argumentere for at dei er ei «åleineavis», eller er ei viktig «nummer to-avis». Det står ingen stader at nynorske aviser har meir rett på tilskot enn andre. Sjølv om noko av grunngevinga for mediestøtte handlar om å ta vare på norsk språk, så har ein ikkje sett nokon grunn til at nynorsk skal bli handsama særskild. Men tenk om ein tenkte slik også for nynorsk? Kva kunne ikkje det hatt å seie for arbeidet i randsonene?

■ Medieverda går stadig gjennom ei rivande utvikling. Sjølv om det ikkje er lenge sidan retningslinjene for mediestøtta vart fornya, er det grunn til å tru at denne raske utviklinga vil føre med seg eit ønske om meir oppdaterte retningslinjer. Det gjev grunn til optimisme når ein aktør som Medietilsynet artikulere ei så tydeleg grunngeving for kvifor mediestøtta er viktig for språk. Akkurat som dei har gjort med TV 2. Og NRK vil absolutt ikkje risikere å miste meir av statsstøtta på grunn av for lite nynorsk. Er det lov å vere optimistisk?

Norsk Tidend vitjar Outland Forlag i høve utgjevinga av den første teikneserien deira på nynorsk – *Pepar og Gulrot*. Me møter forlagssjef Kazima Sjøvoll på kontoret til Outland Forlag i Bergen.

Pepar og Gulrot til folket

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ – Gratulerer med den første nynorskutgjevinga dykkar! Korleis kom dette prosjektet til?

– *Pepar og Gulrot* er eit «open source»-prosjekt. Det ligg gratis ute på nettet og er utvikla og omsett av mange som er fan av serien. Det er originalt skrive på både engelsk og fransk under namnet *Pepper and Carrot* av David Revoy, men omsett til fleire titals språk. Faktisk er nynorsk eit av dei få språka alle episodane er omsette til, av Arild Torvund Olsen og Karl Ove Hufthammer.

– Det var Arild, som jobbar ved Nynorsksenteret, som tok initiativ til å gje ut ei fysisk utgåve.

– **Kvifor vel de å gje ut ei fysisk utgåve når han ligg gratis på nett? Er det ein marknad for det?**

– Born leitar ikkje nødvendigvis etter informasjon omkring nynorske bøker, eller oppsøker kjelder for kvar dei kan finne bøker og slikt. *Pepper and Carrot* har eit ungt publikum, og me tenkte at dette er ein serie som burde vere tilgjengeleg for bibliotek og bokhandlarar.

– Outland har som mål å spreie lese glede. Å gje ut *Pepar og Gulrot* på nynorsk er ekstra kult, då det blir den første utgjevinga av denne serien på norsk. Me ønskjer å vere eit positivt bidrag til variasjonen i nynorsk litteratur og teikneseriefloara på norsk. Me har søkt om å bli tekne opp i innkjøpsordninga, men me har ikkje fått svar enno.

– **Outland forlag gjev ut mykje omsett litteratur. Til no har dette berre vore på bokmål. Er det lønnsamt å gje ut på nynorsk?**

– Bokmål er som oftast enklare og tryggast. Fordelen med *Pepar og Gulrot* er at det allereie er omsett til nynorsk. Det er veldig enkelt språk i serien, men med mykje flotte og ekspressive bilete. Dette er blant det som bidreg til at eg trur *Pepar og Gulrot* også vil gje glede til dei som har nynorsk som sidemål.

– Me gjev primært ut på bokmål, men då Arild kom til oss med

dette prosjektet, så nølte me ikkje. Me fekk heller sjansen til å gjere noko me ikkje hadde tenkt på sjølv. Born har mykje kapasitet til å ta til seg språk. Å bli tidleg eksponert er bra, og dette er ein serie retta inn mot dei yngste.

– **Kva er det med Outland Forlag som gjer at denne utgjevinga høver seg best der, heller enn til dømes på eit reint nynorskforlag?**

– Teiknestilen i *Pepar og Gulrot* minner om uttrykket til Studio Ghibli, eit tradisjonsrikt animasjonsstudio med stor innverknad på den japanske teikneseriemarknaden. Dette er eit kjent uttrykk for mange lesarar av det me elles gjev ut på Outland Forlag. Det vil altså vere atkjeenneleg for kundegruppa vår, og gli inn i det uttrykket og type utgjevingar me gjev ut elles.

– Teikneseriar er blitt svært populært – det har teke av dei siste åra. Outland forlag spesialiserer seg på omsetjingar, teikneseriar, fantasy, sci-fi og annan «fantastisk» litteratur. Derfor er *Pepar og Gulrot* eit naturleg prosjekt for oss.

– **Kva er det som er mest populært, og kven andre gjev ut teikneseriar i Noreg?**

– Det siste talet eg høyrde, var at det faktisk er over 20 forlag i Noreg som gjev ut teikneseriar, sjølv om det ikkje er alle dei som hovudsakleg satsar eksklusivt på teikneseriar. Størst på marknaden på teikneseriar er Strand forlag og Egmont. Her på Vestlandet har vi også Überpress som satsar ein god del på nynorske teikneseriar, både for vaksne og barn.

– Eg har inntrykk av at det er teikneseriar for barn og ungdom som er mest populære for tida, og der har Egmont også gjort ei stor satsing dei siste åra med dei episke teikneserietgjevingane deira. Me i Outland ser at manga er svært populært blant barn og ungdom, og dermed satsar me på å omsetje desse populære seriane våre. Egmont har også byrja å satse på manga med *Mørkalven* og gjenutgjeving av *WITCH*-serien. I tillegg er jo sjølv sagt Marvel og

andre superhelt-seriar svært populære.

– Outland forlag er ganske ny i forlagsverda, me blei grunnlagt i 2016. Der har ei av hovudsatsingane vore *Dragonball*-serien. Manga er svært populært blant unge, og me såg at det var svært mange som kjøpte manga på engelsk endå me tenkte dei var litt unge. Vårt inntrykk er at ein del ungdom synest norsk er litt teit, så motivasjonen vår har vore å få unge til å lese det dei har lyst til å lese på norsk først, heller enn engelsk.

– **Og har dette gjeve resultat?**

– Ja, me har sett at det er skjedd eit skifte frå engelsk til norsk dei siste 5–6 åra! Det er særleg mange foreldre og besteforeldre som kjem inn i butikken og skal kjøpe lesestoff til barna/barnebarna. Det er lågare terskel å selje inn noko til dei, som kanskje ikkje veit så mykje om det dei skal kjøpe til barn og barnebarn, når det er på norsk heller enn på engelsk.

– Me gjev også ut brettspel med same filosofi: Gje folk det dei vil ha, men på norsk først. Det har også hausta resultat. Så me gjev ut *Pepar og Gulrot* med same filosofi, og på nynorsk attpåtil. Me vonar dette blir eit godt bidrag til nynorsklitteraturen.

– **Er *Pepar og Gulrot* gjeve ut fysisk tidlegare?**

– Ja, på engelsk og fransk meiner eg. Men som sagt blir dette den første fysiske utgjevinga på norsk, og eg trur ikkje han er gjeven ut som ein stor publikasjon før.

– Så vil eg seie at det er viktig for oss at denne teikneserien får same behandlinga som alle andre publikasjonar, sjølv om han altså er gratis og ope tilgjengeleg på internett. Me gjev royalties og honorar til omsetjarar, og fleire andre involverte, akkurat som me ville gjort med alle andre.

– **Blir dette ei komplett samling av *Pepar og Gulrot*, eller kjem det fleire band?**

– Ikkje alle episodane som er gjevne ut til no, blir med, så me har planar om fleire band!

– **Når kjem boka ut?**



– Lansering er på sjølvaste nynorskdagen 12. mai!

Norsk Tidend tek også ein prat med **Arild Torvund Olsen**, som er initiativtakar til den fysiske utgjevinga og omsetjar av *Pepar og Gulrot*.

– **Kan du kjapt forklare *Pepar og Gulrot*-universet?**

– *Pepar* er ei ung heks som har vorte adoptert av tre eldre hekser og blir opplært i magiskulen som desse tre høyrer til. Etter kvart forstår ein at det er mange ulike hekseskular, og at det var ein stor krig ei stund tilbake. Så det er mange konflikhtar som ligg og ulmar gjennom forteljingane.

– Me følgjer utviklinga til *Pepar* som heks. I dei siste episodane skal ho ut og prøve seg på eigahand. Og *Gulrot* er då katten til *Pepar*.

– Enkeltstående episodar kan lesast enkeltstående, nokre av dei går derimot inn i ei større forteljing



GLER SEG: Kazima (over) i Outland Forlag gler seg til den fyrste utgjevinga på nynorsk.

TEIKNESERIESKAPAR: Arild Torvund Olsen (over til høgre) er teikneserieskapar, i tillegg til å jobba ved Nynorsksenteret. Serien hans, *Katten og kråka*, vart nett gjeven ut på samisk.



fakta

- *Katten og kråka* er ein fantasyteikneserie for born. Ei gruppe menneske er på veg heim til borga si etter nokre år på flukt. Katten og kråka til trollmannen oppdagar at ein drake har flytta inn i borga, og dei må difor redda menneska frå draken før alle vert til grilla småknask. Men korleis kan ein katt og ei kråke stoppa ein drake?
- Manus: Arild Torvund Olsen
- Skissemanus: Are Edvardsen
- Teikningar: Trine Lise Normann
- Kom ut på Überpress i 2021.
- Vart nominert til prisen «Årets tegneserie».
- Kom ut på sørsamisk i 2022, omsett av Helen Blind Brandsfjell.

er komne. Med dei siste episodane har me til og med hatt nynorskomsetjinga klar før den offisielle lanseringa.

– Har du erfaring med teikneseriar og omsetjing?

– Eg har skrive manuset til den nynorske teikneserieboka *Katten og kråka*, som Überpress gav ut, og som kom i sørsamisk utgåve i fjor. Du kan seie eg både er litt serieskapar og litt omsetjar, eg har eigne seriar og prosjekt på sida av *Pepar og Gulrot*. Eg har også elles jobba mykje med språkvask i Überpress. Så jobbar eg ved Nynorsksenteret som høgskulelektor.

Både du og Kazima i Outland forlag har sagt at det er enkelt språk i serien. Korleis har det vore å omsetje serien? Enkelt eller vanskeleg?

– Enklare enn mykje anna. Det blir vist til ein del mytologi og historie om universet, så ein må omsetje ein del ekstrastrykk og ord i tillegg til det som står i teksten. Eg og Karl Ove Hufthammer utfyller kvarandre og ser ulike ting. Så er jo *Pepar og Gulrot* omsett til mange språk, så ein har andre omsetjingar ein kan sjå til. David Revoy jobbar jo med dei engelske og franske utgåvene parallelt, så ein kan ein sjekke dei to om ein skulle vere i tvil.

– Og kvifor ønskte du å gje det ut i fysisk format?

– David Revoy, opphavs-personen til *Pepar og Gulrot*, har gjeve ut engelske og franske utgåver på papir. Då ville me ha ein nynorskversjon òg. Me såg oss rundt i forlagsbransjen, og tenkte at Outland forlag var best. Så dei fekk oppdraget med å ta kontakt med David Revoy. Han er veldig oppteken av at *Pepar og Gulrot* er noko folk skal kunne ta i bruk og bruke på nye måtar, lage nye historier eller medium. Det finst animasjonar og brettspel. Me har også laga bursdagskort med motiv frå universet. Dette skal vere mogleg å ta i bruk og byggje vidare på som ein ønskjer.

– Ein når ut til andre lesargrupper ved å ha alt tilgjengeleg fysisk. Eg ser også at sjølv om ungane mine har lese alle episodane på nett, så gler dei seg til det kjem ei papirbok. Det er noko med det å få det på papir, som gjer lesaropplevinga betre.

– Eg trur at den norske boka som kjem ut, vil ha stort potensial. Eg trur ikkje det er så mange som har oppdaga serien, som det finst potensielle lesarar. Med eit forlag i ryggen trur eg me skal kunne nå ganske mange. Det er ein serie det er lett å like og lett å kome inn i.

– Men kva er då det økonomiske potensialet? Klarar han å leve av dette, Revoy?

– Han har ein god del som kjem ut, vil ha stort potensial. Eg trur ikkje det er så mange som har oppdaga serien, som det finst potensielle lesarar. Med eit forlag i ryggen trur eg me skal kunne nå ganske mange. Det er ein serie det er lett å like og lett å kome inn i.

– Kazima nemnde at det kjem fleire band. Er du involvert i denne delen av prosjektet også?

– Veit ikkje kor mange episodar dei har med i den utgjevinga som kjem no, men etter kvart som det kjem fleire, vil det vel kome eit Band 2.

– Kva gler du deg mest til med å få det utgjeve?

– Det er kjekt at det kjem omsette ting på nynorsk, og at det er den første utgjevinga av *Pepar og Gulrot* på norsk og at denne er på nynorsk. Dei fleste tinga som kjem i omsetjing, er på bokmål, om det ikkje er Samlaget som gjev det ut, og dei har gjeve ut lite omsett litteratur dei siste åra. Nesten alt som kjem av omsette teikneseriar på norsk, er på bokmål. Då er det kjærkome at Outland har satsa på dette.

der episodane heng saman. Alt er del av ei overordna historie der igjen. Det er som om det er eit slags blad, for kvar episode kan lesast sjølvstendig.

– Kva er det som er fascinerande med *Pepar og Gulrot*-serien?

– Eg likar teiknestilen og den visuelle forteljemaaten. Måten Revoy har bygd opp universet på, er spennande: Først med enkle historier, og sidan har han laga ein heil mytologi og gjeve ut forteljingar som byggjer på og byggjer ut universet.

– Eg har testa serien ut på eigne ungar, og dei har late seg fenge av historiane. Det er mykje av grunnen til at eg tenkte at dette er noko nynorsken treng at me gjev ut. Serien er mangainspirert i streken, og det er ein stil som manglar i nynorskklitteraturen. Og så er det enkelt og greitt gode, spennande

og artige historier.

– Så er det noko med at mange av dei som lagar seriar og litteratur, ofte lagar sosialrealisme, me treng fantasi, leik og moro også.

– Korleis enda du opp med å omsetje *Pepar og Gulrot*?

– Eg oppdaga serien for ein del år sidan då eg dreiv å leita etter noko eg kunne bruke på eit aktivitetsark for mållaget. Så la eg merke til at *Pepper and Carrot* var laga på ein open lisens, slik at ein har lov å ta det i bruk slik ein vil. Det var også laga eit system på nettserien slik at det var lett å lage eigne omsetjingar og laste dei opp. Då fekk eg lyst til å prøve meg, og jobba sakte, men sikkert med å omsetje ein del episodar på nettsida.

– Etter kvart fekk eg ein medsamsvoren, Karl Ove Hufthammer, og då gjekk det fortare. No har me omsett alle dei 37 episodane som

Vårens leseopplevingar



«Ei slags nordisk Ferrante»

Margunn Vikingstad, *Morgenbladet*



«Grotesk god!»

Oda F. Lindholm, *VG*



«Som å kasta terningar etter Bibelen»

Jan Askeland,
Stavanger Aftenblad



«Gjev eit sjeldan innblikk i sinnet til ein stille gut som slit»

Jannicke Totland, *Framtida.no*



«Mesterlig barnebok! [...] ikke ett kjedelig øyeblikk»

Kristine Isaksen, *VG*



Bli ein siderekspert til 17. mai!



Ei bok om alt poesien kan vere.

Bukk & Sigd er andre bok av Martin Ingebritsen.



Agnes Ravatns suksessroman kjem snart i pocket!



Elena Ferrante er tilgjengeleg i pocket.

■ landet rundt

Årsmøte i Ørsta Mållag

Skrivaren i mållaget, **Per Johann Sandbakk**, las eige dikt om det høgst aktuelle temaet straumprisar til eit lyttande og humrande publikum. Ei fyldig årsmelding, eit innhaldsrikt arbeidsprogram og ein rekneskap som syner god økonomi vart lagt fram på årsmøtet til mållaget, og valnemnda hadde gjort ein god jobb med å fylle alle verva som må til for at Ørsta mållag kan arbeide vidare med å trygge det nynorske språket. Det var også utdeling av Ørsta mållag sin målpris 2023, som gjekk til Nordvestprofil AS.

Aasenboksamlinga

Konservator i Nynorsk kultursentrum, **Stine Hovdenakk**, deltok på Ørsta mållag sitt årsmøte.

Der heldt ho eit engasjerande føredrag om funna ho og bibliotekar **Siri Beate Gjerde** har gjort i samband med registreringa av alt som finst i Aasenboksamlinga i Aasentunet. Nynorsk kultursentrum arbeider med å dokumentere alt dei har i museumssamlingane sine, frå dei minste jakkemerkar til store banner. Dette skal gjerast tilgjengeleg for oss alle på DigitaltMuseum. Mellom anna har dei to forskarane jobba seg igjennom 1500 av Ivar Aasen sine bøker, registrert og fotografert, for så å legge det ut på DigitaltMuseum. På små lappar, i understrekingar og kommentarar skrivne av Ivar Aasen, har han lagt att spor etter seg. Interessante tilleggsplysningar for dei som er nyfikne på kven språkforskaren eigentleg var.

Dialektdag i Hallingdal

Laurdag 25. februar arrangerte mållaga i Hallingdal ein stor dialektdag på Ål kulturhus. Der sette dei fokus på hallingmålet, som er under sterkt press av bokmålet - særleg blant dei yngre. Det var eit fullspekka program og godt oppmøte. **Ål og Hol mållag** overrekte laurdag ettermiddag målprisen til **Sundreball**. «Mot-takaren vender seg til eit breitt publikum i alle aldrar, og det på eit solid nynorsk forankra i hallingmålet», sa **Stein Ove Thon**. Det vart også trekt fram at Sundreball brukar nynorsk i all kommunikasjon.

Målpris til Skarprud

Johannes Skarprud vart heidra med Målprisen 2023 på den årvisse bygdekvelden som Kviteseid Mållag skipar til på marknadsfredagen. - Vinnaren har gjennom eit langt yrkesliv og ulikt organisasjonsarbeid vore tru mot eigen dialekt og nynorsk skriftspråk. Prisivinnaren er ein som gjerne tek på seg oppdrag med møteleiing og underhaldning, og som kan Kviteseid si historie, heldt Nordskog fram.

Målblome til Eide Fjordbruk

«Kvinnherad mållag har merka seg at **Eide Fjordbruk** nyttar nynorsk som forretningsmål. Det gjeld internt i verksemda og eksternt ut mot kundar, presse, ved annonsering og i all marknadsføring. I samtale med administrasjonen kjem det fram at verksemda ynskjer ei sterk lokal forankring. Målbruk er såleis ein viktig del av merkevarebygging og profilering», skriv Kvinnherad mållag i ei pressemelding. Målblomen 2023 gjekk altså til Eide Fjordbruk AS.

Målpris til politisk redaktør

Påtroppande politisk redaktør i Bergensavisen, **Sølve Rydland** frå Knarvik, får Alversund mållag sin målpris for 2023. Rydland har gjennom mange år i Avisen Nordhordland og NRK Hordaland vore ein tydeleg og konsekvent brukar av nynorsk språk og striledialekt. Han vert den første journalisten/politiske redaktøren som skriv på nynorsk i den tradisjonsrike bergensavisa. Nemnda som deler ut prisen, skriv at Rydland får prisen fordi han tar med seg nynorsken inn i ein ny samanheng. Det vil



Vårseminar i Ålesund

Helga 24.-26. mars var det vårseminar i Ålesund. Deltakarane fekk høyre om nynorsken i Ålesund i dag og vegen framover, det var presentasjon av boksamlinga etter Ivar Aasen. Det blei utdelt målblome til Ålesund-ordførar Eva Vinje Aurdal for arbeidet hennar for nynorsk i Ålesund. Laurdag kveld var det festmiddag med musikk og kveldssamtale med **Liv Signe Navarsete** og **Jens Kihl**.

verta lagt merke til at den nest største byen i Noreg har fått ei avis med ein politisk redaktør som konsekvent skriv nynorsk, seier dei.

Nynorskbrukarar er ofte i mindretal her i landet, dess viktigare er det at språket er synleg der det står sterkt, til dømes i Vestland fylke. Det er svært positivt at bystyret har vedteke at nynorsken skal verta meir synleg i Bergen, men det står mykje att. Å vera nynorskbrukar i Bergen har ikkje vore lett i ulike samanhengar, særleg i arbeidslivet. Det er derfor viktig at nokon går føre og viser veg. Sølve Rydland løftar fram nynorsken og gjer oss stolte av å vera strilar og nynorskbrukarar, skriv mållaget.

Årsmøte i Nissedal Mållag

18 sambygdingar kom saman til årsmøte på Tjørullkroa. I skrivande stund er det 52 medlemmer i laget. **Signe-Grethe Hauge** og **Jorunn Fossen Homme** var på val og gjekk ut av styret. Harald takka dei med gåve for innsatsen og gildt samarbeid gjennom fleire år. I det nye styret er **Harald Valle** leiar, **Thor Oddvar Rekvik** er nestleiar, **Sigvald Oppebøen Hansen** skrivar, **Anne Magni Fjone Aarak**, **Johan Olav Vaa** og **Tor Valle** er styremedlemmer. **Irene Homme** er varamedlem. Nissedal mållag hadde fått spørsmål om å vere vertskap for årsmøtet i Telemark mållag for 2023. Dette går på omgang, og denne venda er det Nissedal sin tur. Me kjem tilbake til kvar det blir.

Årsmøte i Kviteseid Mållag

Det var stort engasjement rundt eit fullsett langbord på Kviteseid bibliotek 8. mars. Bruk av eigen dialekt var temaet. Dialektar har fått ein klart høgare status gjennom dei siste 50 åra, vart det konkludert med. Mållaget hadde invitert kommunedirektør **Laila Thorsen** til årsmøtet. Ho er frå Haugesund og har budd fleire stader. Ho meiner ho er rimeleg sta når det gjeld å halde på eigen dialekt og ho får mange positive tilbakemeldingar: Å, kor fin dialekt du har! Årsmøtet godkjende både årsmeldinga og

rekneskapen. **Einar Søreide** vart attvald som leiar. Og dei andre i styret er **Sigrun Garvik Moen**, **Brit-Irene Kilen Rørholt**, **Audun Aasmundtveit** og **Jan-Rune Bjørnsson**.

Årsmøte i Borgund Mållag

Årsmøtet var på Moa bibliotek, der litteraturprofessor og forfattar **Jan Inge Sørbø** først hadde foredrag om boka «Fire Store». Deretter var det for første gong utdeling av prisen «Målblomen 2022». Heideren gjekk til prosjektet «Livet & Sån» ved prosjektleiar **Anne-Hilde Lystad**, for klar og god nynorsk i eit prosjekt der barn og unge over heile landet lærer om livsmeistring.

Årsmøte og målpris på Stranda

Måndag 8. februar var det årsmøte i **Stranda mållag** der om lag 20-tals medlemmar deltok. Møtet gjekk føre seg i museumslokala til Strandaindustriens historie, og **Foreininga Strandaindustriens historie** fekk Stranda mållag sin målpris 2023 for å nytte nynorsk i verksemda si.

Juryen skriv i grunngevinga at den unike utstillinga til Strandaindustriens historie presenterer den lokale identiteten og forankringa på ein sikker måte, som blir gjort tydeleg gjennom systematisk bruk av nynorsk. Nynorsk er også brukt på nettsida og i anna informasjonsverksemd, og dei nemner at nynorsk kan nyttast som konkurransefordel, for å skilje seg ut i flaumen av reklame på bokmål og engelsk.

- Vinnaren har gjort eit klart val av nynorsk som språk i verksemda si, som tilfredsstillar kriteria for målprisen, meiner juryen.

Allsongkveld

Mållaget Sparbyggjen inviterte til allsongkveld på Heistad den 16. april. **Henning Sommerro** leia allsongen og kåserte om dei enkelte songane. Det blei også markert at det er 125 år sidan nynorsk vart kyrkjemål i Sparbu prestegjeld og det er det framleis i Mære og Henning.

– Etter at eg kom på radio og TV, fekk eg mykje skryt heime for at eg hadde halde på dialekten. Det var ein skryt som ikkje var fortent, seier **Harald Stanghelle**.

Eit språkleg paradoks

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

■ Han har vore eit språkleg paradoks. Ein skulle tru at ein som har eit så tydeleg og godt nynorsk talemål, også skulle skriva nokolunde tydeleg nynorsk. Men nei. Stanghelle har skriva det aller meste i ei lang journalistisk karriere på bokmål. Då han starta i *Aftenposten*, var det blitt valfritt om ein skulle skriva «nu» eller «nå», «etter» eller «etter». Han tok det heilt ut og gjekk for riksmålsvariantane. Då han seinare vart sjefredaktør i *Dagbladet*, fekk han problem med å venja seg til det radikale bokmålet der i huset.

Rota til denne blandinga går heilt attende til ungdomsskulen. Stanghelle var engasjert i mykje og skreiv innlegg til avisene på både bokmål og nynorsk. Han hadde arbeidsveke i *Dagen* i 8. klasse og fekk sommarjobb der nokre månader seinare. Der vart han oppmoda om å skriva på nynorsk, men avisa heldt seg til i-målet.

– Det vart altfor arkaisk for meg og var ein av fleire grunnar til at nynorsk ikkje vart det naturlige skriftspråket for meg, seier Stanghelle.

Han vart frilansar rett etter ungdomsskulen, der han hadde vore ein aktiv elevrådsformann. Det resulterte i eit avansert hatforhold mellom han og rektor, noko som gjorde at karakterane ikkje var gode nok til å koma inn på gymnaset.

– Eg straffa rektor ved ikkje å gjera matteleksene han gav oss. Han straffa meg ved å stryka meg i matematikk.

Han reiste til Oslo, byrja i Norges Gymnasiastsamband som organisasjonssekretær og skreiv for dei aviser og blad som ville ha tekstane hans. 19 år gamal reiste han heim att og starta *Vaksdals-Nytt*, ei rein nynorskavis han dreiv i to og halvt år. Etter nokre år utanfor journalistikken fekk Stanghelle fyrst eit årsvikariat

i *Dag og Tid*, før han enda opp i *Arbeiderbladet* i 1982.

– *Arbeiderbladet* er den einaste staden eg har blitt møtt med eit krav om å skriva bokmål. Eg kom frå *Dag og Tid*, og det var truleg grunnen til at det fyrste ein av redaktørane sa til meg var: «Om du trur du er komen hit for å skriva nynorsk, så tek du heilt feil. Det gjer vi ikkje her.» Han var frå Odda. Dette opplevde eg veldig sterkt – ikkje av di eg absolutt ville skriva nynorsk, men av di dette var noko med tonen eg vart møtt med, fortel Stanghelle.

Forsvarte restriktiv språkpolitikk

Seinare gjekk vegen til *Aftenposten*, der han etter eit par år vart nyhenderedaktør, så til *Dagbladet* som sjefredaktør, og så attende til *Aftenposten* som politisk redaktør og seinare redaktør i fri stilling.

“ **Eg er ikkje i tvil om at mykje av journalistikken i dag er drivande god. Dessutan tek norske aviser vare på dei språklege talenta.**

Han gjekk av i 2018. I alle desse åra var bokmål arbeidsspråket. Berre unntaksvis skreiv han tekstar på nynorsk, t.d. ein kommentar om brannen i Lærdal og bokmeldinga av Førde-biografien. Då han skreiv ein kommentar på nynorsk om det kristen-evangeliske miljøet i USA, fekk han ei tekstmelding frå Andreas Hompland: «Å ja, den der fekk du ikkje til å skriva på noko anna enn heimemålet.»

– Så eg har ikkje vore nokon pioner for nynorsken og kunne ha gjort meir, seier Stanghelle.

– Eg forsvarte ein restriktiv språkpolitikk med at det burde vera ein språkleg heilskap frå journalistane i ei og same avis, men eg ser at det er eit resonnement som kan utfordrast. *Bergens Tidende*, som eg vaks opp med, og *Dagen* har alltid vore tospråklege, det same har *Vårt Land* og *Klassekampen* vore. Eg er ikkje dummare enn at eg ser det, og eg registrerer at *Aftenposten* har opna opp litt, men eg tykkjer framleis at ein skal ha eit heilskapleg språk. Eg HAR argumentert t.d. for at *Aftenposten* skulle halda på eit konsekvent bokmål og ikkje akseptera konservativt riksmål. Det stiller seg sjølvsagt annleis når det gjeld spaltistar eller dei som slepp til på debatt- og kronikkplass. Frå min ståstad er det ein konsekvens i dette, men eg skulle nok sett at eg hadde ei romslegare historie når det gjeld nynorsk, seier Stanghelle.

Ufortent skryt

Talemålet derimot, er ei heilt anna historie. Der har det aldri vore snakk om å leggja om.

– Det eine er at eg er ein munnleg person, og ville kjend meg som eit anna menneske om eg la om talemålet mitt.

Men dette skal også seiast: Etter at eg kom på radio og TV, fekk eg mykje skryt heime for at eg hadde halde på dialekten. Det var ein skryt som ikkje var fortent. I det radikale miljøet eg kom til i Oslo, var det populært å snakka dialekt. Om eg hadde lagt om, hadde eg blitt mobba for det. Ei jente frå Stanghelle som reiste til Oslo samstundes med meg, la om etter berre tre månader på golvet i Posten. Truleg var det mykje lettare å bli erta der enn i det småradikale journalistmiljøet eg var i. Eg er like narraktig som alle andre, eg likar skryt, men at eg får skryt for å halda på dialekta, det kjennest ufortent. Det seier heller mest om kor mykje miljø kan ha å seia, og eg hamna altså i eit språktolerant miljø.

– Det andre er at talemålet i Vaksdal ligg ganske nært ein normalnynorsk, eller det som ein gong var normalnynorsken. No er det vel lov til å skriva akkurat kva du vil, men eg opplevde kor viktig



STRENG OG KONSEKVENT:

Stanghelle forsvarte ein restriktiv språkline i Aftenposten. I dag ser han at han skulle vore rausare med nynorsken.

Foto: Terje Bringedal / VG

det er med ei norm. Det var den eg lente meg mot. Ein del dialektuttrykk vart slipte av ganske fort, men eg lente meg mot norma i staden for mot bokmålet når eg kom i tvil.

Saknar det normerte talemålet

– Det er ikkje mange stader ein kan høyre normert talemål.

– Det er eit tankekors. I Aftenposten skreiv vi til og med ein leiarartikkel då den framifrå

journalisten Ingerid Stenvold fekk snakka dialekt i sjølvaste Dagsrevyen, der vi meinte det burde vera eit normert språk i Dagsrevyen. Ein må vera varsam med å opna opp slik. Eg er open for at eg kan

ta feil, men kva om det kjem ein drivande dyktig NRK-journalist frå Indre Sogn eller frå nokre delar av Setesdal? Det er flotte dialektar dei held seg med, men ikkje alltid like forståelege for korpje ei majoritets- eller minoritetsbefolkning. Så opnar ein opp berre for «lette» dialektar eller alle?

– Ein sit med eit inntrykk av at det ofte er einskilde journalistar som ynskjer å skriva på nynorsk eller snakka dialekt, og at dei får lov til det. Har journalistane fått meir makt?

– På 80-talet forvittra redaktørmakta, og journalistmakta steig fram. Det vart slutt på den tida der redaktørar kunne slå fast at den eller den saka skriv me ikkje om, eller at ei sak ikkje kjem på trykk. I alle høve måtte ein venta seg motbør og krav om solid grunngjeving. Dette har nok smitta over på det språklege. Det er ingen som lear på augelokka om det blir snakka dialekt på VGTV eller Aftenposten-TV eller i NRK. Det interessante er at det var den kommersielle kanalen TV 2 som var mellom pionerane her. Dette er ei utvikling det er all grunn til å helsa velkomen.

Journalistikken har blitt betre

– Men noko har kanskje også blitt betre?

– Absolutt! Det er ein kjær hobby å klaga over dagens tilstand, men det er ein fritids-syssel eg ikkje driv med. Unge journalistar og kommentatorar er kunnskapsrike og skriv godt, og dei er svært flinke til å ta bruk nye verktøy for å oppdaga nye sider ved samfunnet. Eg er ikkje i tvil om at mykje av journalistikken i dag er drivande god. Dessutan tek norske aviser vare på dei språklege talenta, ikkje minst i magasinane. Det er mykje eg skulle gjort annleis i *Dagbladet*, men eg er stolt av etableringa av *Magasinet* i 1999. Det førte til ein renesanse for avismagasina, ein fekk *VG Helg*, *D2* og ei relansering av *A-magasinet*.

Dessutan er det så å seia ingen som klagar over for at det er for mykje nynorsk og dialekt i media. På 70- og 80-talet var det ein gjengangar. Det var latterleggjeri. Slikt eksisterer nesten ikkje, eg ser det i alle fall nesten aldri. I mi tid i *Aftenposten* sleppte me til nynorsk mellom spaltistane i kronikkar og på debattplass. Det kom praktisk talt aldri ei klage.

Ikkje minst har digitale skrivingverktøy gjort både språket, rettskrivinga og artiklane betre: No kan ein «klippa og lima» inn så mykje ein berre orkar, og det utan at det blir opplevd som tidkrevjande meirarbeid i ein tidspressa jobbkvardag.

Journalistikken er på mange vis betre no. Det er så mange dyktige journalistar, folk som skriv som gudar og gode kommentatorar. Så nei, eg er definitivt ikkje blant dei som tykkjer alt var betre tidlegare.

Den 13. februar fylte teiknar og manusforfattar av blant anna Smørbukk, **Håkon Aasnes**, 80 år. Vi har snakka med han i høve jubileet. Intervjuet kan passe både før og etter bursdagen hans.

Smørbukk-sjefen ser ingen grunn til å trappe ned

Håkon Aasnes

- Fødd 13. februar 1943. Bur og arbeider i heimbygda Aurskog på Romerike.
- Har jobba med tekst og teikningar til rundt 20 teikneseriar sidan 1972.
- Vart i 1976 den første lisensierte Disney-teiknaren i Noreg – den første nordmann som fekk teikne og gi ut Disney-historier baserte på egne idear og manus.
- Kyrkje- og undervisningsdepartementets pris i 1981.
- Spøingprisen i 2017 for beste norske teikneserie for Smørbukk: Julia 2016.

(Kjelder: Wikipedia og Store norske leksikon snl.no)

BENT TANDSTAD
NPK

■ Teiknaren og tekstforfattaren Håkon Aasnes – kjent for blant anna *Smørbukk*, *Tuss og Troll* og *Stomperud*, rundar 80 år no i februar – men er like aktiv som før.

– Akkurat no er eg i innspurten med julehefta for 2023, så eg har nok å halde fingrane i. Eigentleg er det lite som har endra seg sidan eg vart pensjonist for 13 år sidan, ler Aasnes frå heimen og arbeidsstaden i Aurskog. Som nesten 80 framleis i fin form, sjølv om han er litt uggen i halsen etter ein runde med covid.

På CV-en hans står det at han er utdanna ved Westerdahls reklameskole i Oslo, men det er ikkje heilt sant, fortrur han oss.

– Ei evne ein er fødd med

– Ingen teiknar treng å utdanne seg, det er ei evne ein er fødd med. Eg heldt ut eit halvår på Westerdahl, men reklameteikning var ikkje noko for meg. Eg lærte litt om fargar, men elles var det vi dreiv med der, langt unna det eg ville gjere, seier han.

Sjølv om han heile tida har teikna, var det først i 40-årsalderen at teikning vart heiltidsjobb.

– Eg var borti veldig mykje, eg jobba blant anna på plastfabrikken som lagar Pioner-jolla. Så kom det innskrenkingar, eg måtte byte skift, og då berre slutta eg. Då var borna blitt så store at dei i stor grad klarte seg sjølve, så då bestemte eg meg for å vere heime og teikne, fortel jubilanten.

Den første serien hans var *Sei-*

del og Tobram, om to litt obskure bygdekarar som etter kvart blir journalistar i det lugubre bladet «Blekka». Denne serien har gått i 17 ulike aviser opp gjennom åra, men ikkje så mange samtidig. Det var *Nationen* som var først ute.

– Du veit eg hadde jobba mange år på fabrikk både i inn- og utland og var van til det litt tøffe språket. Så det hende at eg fekk påpakning for at eg brukte litt for grovt språk i serien, minnest han.


Norsk Barneblad

Gjennom teikneseriemiljøet kom Håkon Aasnes i kontakt med *Norsk Barneblad*, som gir ut blant anna *Smørbukk* og *Tuss og Troll*. Solveig Muren Sanden gav seg som *Smørbukk*-teiknar i 1982, og då tok Aasnes over. Først berre som teiknar, men etter kvart også ansvarleg for teksten.

Det har han halde på med sidan, og han har ingen planar om å gi seg. No har han teikna *Smørbukk* lenger enn både mannen som skapte figuren, Jens R. Nilsen og Solveig Muren Sanden.

– Eg likar best å ha kontroll på både manus og teikningar. Eg synest ikkje noko om å teikne etter andre sine manus, det blir lett litt feil. Eg prøvde meg blant anna på *Fantomet*, men likte ikkje dei detaljerte føringane som manusforfattaren laga. Så det vart ikkje meir enn 30 sider med jungelhelten i det fiktive afrikanske landet Bengali. Dårleg betalt var det også, seier Aasnes.

– Det er i det heile teke inga gullgruve å vere serieteiknar. Vi har ikkje følgt med i lønnsutviklinga, legg han til.



VETERAN: Håkon Aasnes har teikna Smørbukk i 40 år. 13. februar fyller han 80 år.

Aasnes fortel at han har lese mykje heilt frå han var liten, og at han aldri la merke til om det han las var på nynorsk eller bokmål. Men å skrive på nynorsk var ikkje så enkelt.

– Eg leverer manus på mitt eige språk, bokmål, og så blir det omsett til nynorsk hos ein språk-vaskar i *Norsk Barneblad*. Det fungerer fint, seier han.

Han har hatt ansvaret for teikningane i eventyrheftet *Tuss og Troll* sidan 1992, og frå 2011 har



70 år, men har over tjue andre teikneseriar på samvitet, blant andre Smørbukk og Tuss og Troll.

Arkivfoto: Hallvard Østrem / NPK

han stått for både tekst og teikningar der.

Ungdomsserien Annika

Håkon Aasnes har også laga teikneserier om ei ung jente med bein i nasen. Den populære serien gjekk i *Norsk Barneblad* frå 1991 til 2016. Serien blir karakterisert som dramatisk og realistisk for dei yngste tenåringane. Annika var opphavleg ein bifigur i serien *Vi på Eiketun*, som gjekk i *Bondebladet*.

Andre eigne seriar frå Aasnes si hand er også *Kråka Konrad*, *Hanna*, *Formann Olsen*, *Brage Breiskalle*, *Frode Eiriksson* og *Zanhar*. I tillegg har han teikna *Donald Duck*, *Gråtass*, *Gjest Baardsen*, *Anne-Cat*. *Vestlys jul* og *Olsenbanden*.

I 2005 tok teiknaren, forfatteren og illustratøren frå Aurskog over *Stomperud*, som kjem frå nabobygda Sørums i Akershus. Også her har Aasnes ansvaret for både tekst og teikning, og her er



AASNES-STREKAR: Til venstre: Teikneserien «Annika» har heile tida vore av dei mest populære innslaga i *Norsk Barneblad*. Teikning: Håkon Aasnes. Illustrasjon frå boka

Under: Originalteikningar til framsidene til *Smørbukk jula 2022* og *Tuss og Troll jula 2022*.



han meir på heimebane når det gjeld dialekt.

– Og i *Stomperud* er det ein ting som er viktig å ha med i kvart julehefte. Han skal heim til familien og kjærasten Petra til jul, og det skjer aldri utan mykje dramatik. Men han kjem fram, kvart år, ler Aasnes. Det gjer han også jula 2023, forsikrar han.

Håkon Aasnes har ingen planar om å trappe ned, trass i at han rundar 80 år no i februar.

– Det er greitt å spe litt på pensjonen, han er ikkje så høg, sukker han.

For å heidre serieskaparen i samband med 80-årsdagen gir Egmont ut ei bok med eit breitt utval av arbeidet hans frå dei 50 åra han har jobba som profesjonell teikneserieskapar. Boka har fått tittelen *Håkon Aasnes – Norges største tegneserieskapar*.

“ **Ingen teiknar treng å utdanne seg, det er ei evne ein er fødd med. Eg heldt ut eit halvår på Westerdahl, men reklameteikning var ikkje noko for meg.** ”

Tusen takk! Mellom 2. februar og 11. april fekk Noregs Mållag 475 441 kroner i gåve. Det set me umåteleg stor pris på. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikra nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vipps eit valfritt beløp til 90540. Du kan også senda IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **Takk!**

AUST-AGDER MÅLLAG

Scott Aanby
Karen Therese Andersen
Kjetil Dukane
Jon Olav Gryting
Aud Åsen Haugsgjerd
Johannes Havstad
Olav Hoftuft
Knut K. Homme
Lisbeth Dalquist Homme
Gerd Fosse Hovden
Roy William Johansen
John Gustav Johansen
Karl Kråkedal
Ragnar Kaasa
Jorunn Lande
Hans-Olav Lauvstad
Birgit Lidtveit
Jon Kolbjørn Lindset
Andrea Maini
Tarald Myrum
Ragnhild Olavsdotter Nømeland
Rune Nylund
Sigrid Bjørg Ramse
Else Gyro Rysstad
Øystein Rød
Magnhild Synnøve Skjeggedal
Johannes G. Torstveit
Arne Tronsen
Helge Ove Tveiten
Olav Vehus
Jens Vellene

AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge
Syver Berge
Ole Bjerke
Irmelin Grimstad Bonden
Eldrid Brandvol
Jon Steinar Bredeveien
Susanne Ramstad Brenna
Råmund Bruheim
Magnhild Bruheim
Liv Jorun Braastad
Tor Sørдал Bue
Ivar Bungum
Kari Anna Bækken
Trond Dalsegg
Elisabeth Ebbing
Ingvild Marie Eknes
Per Enebo
Hans Enstad
Ola Fjeldet
Kari Fortun
Tordis Irene Fosse
Anders G. Fretheim
Berit Gommæs
Ingrid Grøttebø
Kjell Gulbrandsen
Odin Hagen
Olav Haraldseid
Magnhild Harsheim
Anne Haugstad
Asle Heggheim
Torill Heilevang
Gaute Elvesæter Helland
Eirik Herring
Ragnhild Galtung
Hodnekvam
Bjarte Hole
Ola Holen
Per Hvamstad
Helen Johannessen
Helene Strand Johansen
Per Rolf Johnsen

Ola Jonsmoen
Turid Kleiva
Håvard Kleiven
Liv Kraggerud
Lars Andres Kulbrandstad
Inger Margrethe Kyllingstad
Grete Langodden
Anders Jan Larsson
Ingrid Hanna Johanne Laugslet
Nils Kristian Lie
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Albert Lunde
Torgunn Holm Maurset
Magni Melvær
Anne Midtbø
Inger Margrete Myhre
Tea Myrstad
Asbjørn Myrvang
Arnhild Møilien
Øyvind Nordli
Jogrim Nordsletten
Jørgen Norheim
Odd Arne Nustad
Olaf Nøkleby
Liv Eva Preststulen
Oddvar Romundset
Tone Rui
Kari Røssum
Ingebjørg Gramstad Sevilhaug
Jakup Skjedsvoll
Arne Skogli
Jorunn Skrinde
Egil Skullerud
Dag Skurdal
Arne Skuterud
Tine Elisabeth Slang
Tor Åge Solberg
Liv Solheim
Kari Svingheim
Sverre Sørbø
Ingrid Orstad Teigen
Reidun Tordhol
Ola Tronsmoen
Ingrid Tørnquist
Lars Ullgren
Olav Veka
Magne Velure
Oskar Vistdal
Hege Vaagaasar
Terje Heltzen Wold
Ingebjørg Østerås
Åse Grønlien Østmoe
Mathias I. Øvsteng
Svein Øye
Rolv Kristen Øygard
Rune Øygard
Bjarne Øygarden

BUSKERUD MÅLLAG

Bente Aamotsbakken
John-Ragnar Kvam Aarset
Niri Baklid
Tom Ragnar Berg
Maria Høgetveit Berg
Tor O. Bergum
Anna H. Dale
Per Drabløs
Ingerid Elverum
Jan Fekjan
Jørn Fevang
Sigurd Fjose
Helga Johanna Fuglesteg
Solfrid Anette Hjellhaug
Syver Hjelman

Jorunn Hov
Olav Hovda
Louise Johnsrud
Oddbjørn Jorde
Frode Kinserdal
May Johanne Molund
Oddrun Murud
Gunnlaug Lien Myhr
Ingunn Asperheim Nestegard
Arne Ommedal
Elin Osa
Tordis Perstølen
Monika Randar
Gro Randen
Sissel Berit Roum
Ola Ruud
Aud-Inger Rye
Kirsten Skarlund
Knut H. Skrindo
Kjell Snerte
Berit Marie Sørhøy
Gunhild Sørum
Anders Olsen Søyseth
Torun Torsteinsrud
Vigdis Tveiten
Øystein Velure
Ragnhild Gudrun Vikesland
Nina Yrstad Vøllø

FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN

Bergfinn Aabø
Solveig Fiskvik Aamodt
Kikki Aardalsbakke
Gro Iren Abrahamsen
Ruth Amdahl
Gurid Aga Askeland
Børre Austmann
Kristin Barstad
Olav Befring
Håkon Berge
Anne-Marie Berge
Jostein Bernhardsen
Anfinn Bernaas
Karl-Erik Tande Bjerkaas
Kari Bjørke
Ole Håvik Bjørkedal
Reidar Bjørnerheim
Reidar Borgstrøm
Kari Hjørdis Brandal
Hildegunn Bruheim
Tormod Bønes
Kari de la Cour
Harald Dyrkorn
Nils Dårflot
Jon Olav Eikenes
Kristin Eliassen
Sigrid Engebakken
Thea Cecilie Engelsen
Kirsten Osmo Eriksen
Ingrid Olava Brænd Eriksen
Brit Ragnhild Øydna Fisknes
Ingar Daffinrud Fjeld
Erna S Forset
Jon Fosse
Sveinung Furset
Tor Gabrielsen
Arvid Garsjømoen
Guro Erika Trøseid Gjerstadberget
Kåre Glette
Leif Granmo
Tom Kristian Grimslrud
Jostein Grønset
Oddrun Grønvik
Målfrid Gudim

Karl S. Halse
Sigrid Halset
Erik Hardeng
Eldbjørg Haug
Even Haugland
Anna Sigriddatter Heen
Ola M. Heide
Gerd Heide
Mildrid Helland
Botolv Helleland
Sigrun Heskestad
Audun Heskestad
Ragnhild Hoel
Halldor Hoftun
Valborg Holten
Kjetil Torgrim Homme
Jens Christian Horpestad
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein Høgåsen
Roar Høstaker
Ingeborg Hauge Høyland
Øystein Jetne
Anders Johnsen
Odd Johan Jønsberg
Jens Kihl
Laurits Killingbergtrø
Turid Louise Quamme Kittilsen
Harald Sverdrup Koht
Kari Kolbeinstveit
Jens Petter Kollhøj
Marianne Krogh
Dagrun Kvammen
Per Olav Lande
Torhild Leira
John Petter Lindeland
Tor Einar Ljønes
Trond Øvindsson Lunde
Anders Lunnan
Elsie Benedicthe Lyngås
Gro Lystad
Jon Låte
Kenneth John Mc Lean
Per Helge Mork
Marit Sandal Mortensen
Arnold Mundal
Irene Myrbostad
Finn Måge
Johan Nedregård
Mette Holme Nielsen
Torill Josefine Norhagen
Åse-Sigrunn Nyland
Johan Petter Nystuen
Ivar Nagelgaard Omenås
Toril Opsahl
Torgeir Ose
Sylvi Penne
Alain Egil Adrian Ramdal
Astrid Alvlaug Ramnefjell
Benjamin Edillon Reichle
Hildegunn Riise
Asbjørn Roaldset
Siri Andrea Hagen Rudlende
Ingvild Rullestad
Ingrid Støylen Runde
Gunnar Rusten
Asbjørg Engebø Rystad
Mary Kristine Sandal
Oddvar Schmidt
Kari Rysst Seemann
Solve Selstø
Erik Simensen
Olav R. Skage
Gunnvor Skiftun
Gunnvor Fykse Skirbekk

Inger Skjelmerud
Synnøve Skjong
Geir Skorpen
Arve Skutlaberg
Sigrid Skålnes
Birger Solberg
Sigrid Solheim
Hanne Solheim
Hanne Sperstad
Margunn Steinnes
Jon Storm-Mathisen
Agnete Strand
Einar Strømnes
Sissel L. Sæbø
Jostein Sønnesyn
Halvor Tjønn
Hans Tokvam
Øystein Tormodsgard
Kristen Turtum
Sverre Tusvik
Steinar Tveitnes
Marta Sofie Norheim Tvetene
Johan Kristian Tønder
Helle Beer Urheim
Inger Vederhus
Alvhild Venås
Werner Vesterås
Lars Sigurdson Vikør
Åsveig Vindenes
Kjetil Vistad
Jørgen Vogt
Per Ivar Vaagland
Hildegunn Wergeland
Janne Kristin Øiberg
Kristen Øyen

HORDALAND MÅLLAG

Odd Aarsand
Olav Aas
Audun Reed Aasgaard
Olav Aasmundtveit
Livar Aksnes
Audhild Aldal
Yvonne Algrøy
Solveig Almås
Liv Ingrid Alvheim
Dag Amundsen
Arne Andersen
Arnfinn Jørgen Ansok
Helga Arianson
Anne Arneberg
Ane Arnestad
Karin Ask
Norleif Askeland
Håkon Askeland
Erlend Bakke
Einar Bardal
Eirin Hansen Berg
Arild Berge
Leidolv Berge
Håkon M. Berge
Marit Gro Berge
Marit Berge
Veslemøy Bergo
Eli Bergsvik
Kristen Bergsvik
Synne Berteig
Ansgar Bjelland
Gunnvald Bjotveit
Ragnhild Bjørke
Rannveig Bjørkum
Reidun Bjørnberg
Dag Bjørnevoll
Solveig Bjørsvik
Lars O. Bleie
Lars Boge

Gurid Bonsaksen
Oddbjørn Borge
Arne Brattabø
Berge Brattabø D.E.
Tor Brattebø
Reidar Bremerthun
Herdis Brunborg
Bjarte Brundtland
Endre Otto Brunstad
Nina Mork Brunvoll
Knut Bryn
Torhild Bråthe
Stein Braathen
Jostein Buene
Aud-Sissel Bøe
Jostein Bønes
Kjetil Børhaug
Hege Cruickshank
Per-Heine Dahl
Ingunn Dahle
Reidar Dale
Britt Darlington
Olav Digernes
Kristian Djuvsland
Inge Draugsvoll
Julie Drevdal
Jenny Dugstad
Inger Dyrnesli
Torbjørn Dyrvik
Randi Engelsen Eide
Liv Kjellfrid Eide
Ole-Johan Eikeland
Gudrun Eimstad
Ingunn Eitrheim
Eirik Ingolf Eldøy
Reidun Emhjellen
Yngve Endal
Brynild Enerhaug
Arne Eriksen
Øystein Erstad
Jofrid K. Espeland
Gjertrud Fanebust
Jarle Fanebust
Rune Fjeld
Bergit Utne Fjelde
Astrid Anne Fjeldstad
Sverre Fjell
Tormod Folgerø
Harald Frønsdal
Mathias Furevik
Eldbjørg Furholt
Knut Martin Fylkesnes
Gro Prestegard Gjeraker
Hans Gjerde
Lars Gjernes
Jorunn Gjersvik
Tor A. Gjersvik
Paul Kåre Gjuvsland
Lars Gjøstein
Endre Grutle
Marit Hafting
Anders Hallanger
Kirsti Handeland
Signe Hannisdal
Liv Torill Hansen
Lars Ove Olafsson Harnes
Anlaug Røen Hauge
Stanley Hauge
Wenche Dorothea
Haukland
Jorunn Havro
Svein Heggheim
Bjarte Helle
Aslak T. Helleve
Aslak L. Helleve
Knut Johannes Helvik
Jan Kåre Henriksbø
Johannes Heradstveit
Kåre Herfindal
Annbjørg Bysheim Herland
Robert Hermansen
Kjartan Hernes
Bjørg Hestdal
Sylvi Totland Hesthamar
Marit Hjartåker
Eivind Hjelle

Annbjørg Rebbestad
Hjellestad
Liv Marit Ådnanes
Hjelmeseter
Grete Oline Hole
Hilde Holm
Ingunn Holmedal
Karl Johan Holmås
Ingunn Hommedal
Karl Hope
Arnfinn Hopland
Arny-Sissel Myking Horsås
Ragnar Hovland
Anne Hunderi
Gjermund Hustadnes
Erlend Garatun Huus
Evelyn Høysæter
Greta Håheim
Geir Håland
Borgny Instanes
Geir Instanes
Reidar Instanes
Johanne Telnes Instanes
Sniolvur Joanesarson
Brita Jordal
Anne Lene Østvold Jordåen
Ingvild Jøsendal
Randi Jåstad
Agnar Kleppe
Solveig Kleppe
Marit Klette
Alis Kobbeltveit
Bård Kråkevik
Magne Kvæven
Atle Kvåle
Ane Landøy
Torfinn Langelid
Caroline Lehmann
Ingebjørg Synnøve Lekve
Marit Opedal Lid
Åsmund Lien
Torunn Hovland Ljone
Torggrim Ljones
Lars Korff Lofthus
Kari Bolette K. Lundal
Harald Lundestad
Kjellaug Lundestad
Kjetil Lygre
Vidar Lynghammar
Torun Lyssand
Bård Lyssand
Torolv Lægred
Torstein Løning
Frode Mannsåker
Margunn Rydland
Melkersen
Åse Tyse Dæe Midtbø
Ragna Midtbø
Kurt Midttun
Arvid Midttun
Hallgeir Mjåtveit
Margareth Moberg
Dag Unnar Mongstad
Leif Bjørn Monsen
Lillian Morvik
Lars Mossefinn
Eva Mostraum
Synnøve Midtbø Myking
Torunn Myklebust
Ingunn Myklebust
Einar Myster
Nils Mæhle
Runar Bjørkvik Mæland
Eldbjørg Møllerup
Johannes A. Måge
Bjørg Odlaug Måge
Marit Nedreli
Eli Karin Nerhus
Nathalie Mariell Nielsen
Terje Nilssen
Arne Olav Nilssen
Øyvind Per Norang
Else Helen Nornes
Bjarte Vigleik Notnæs
Mailen Nybø
Helge Martin Nygård
Egil Nysæter

Kåre Nyttun
Gunnvor Eggebø Næss
Jorunn Odland
Odd Jøran Oldervik
Astrid Olsen
Aud Oppedal
Anfinn Otterå
Johnny Ottar Pedersen
Jarle Pedersen
Jan Reidar Rasmussen
Gunnbjørg Raudstein
Astrid Oddbjørg Reigstad
Vigdis Reigstad
Berit Reinsaas
Grete Riise
Lars Riise
Randi Romarheim
Berta Malena Thana Rongen
Audhild Rypdal
Siv-Marit Røddland
Torill Elen Rønnekleiv
Terje Rørmark
Liv Bjørnebøle Saghaug
Marit Sakstad
Inger Marie Saltnes
Solbjørg Åmdal Sandvik
Helge Sandøy
Alf-Helge Sangolt
Lise Schirmer
Heidi Seilfaldet
Maria Uttun Seim
Johannes H Sekse
Lars Sekse
Mons Ole Dyvik Sellevold
Yngve Seterås
Leiv Magne Siqveland
Nils K. Skeie
Olav Johannes Skeie
Gunvald Skeiseid
Ingunn Skjelvan
Arne Skjerven
Bjarne Skjold
Harald Skorpen
Anne Marie Skurtveit
Marie Skålnes
Kari Smith
Erling Småland
Turid Solberg
Harry Solberg
Ragnhild Edith Solvang
Gunnhild Marie Solvåg-
Børresen
Halldis Spilde
Ingebjørg Stana
Idar Stegane
Arjen L H Stolk
Nelly Storebø
Gerhard Inge Storebø
Sverre Storøy
Hans L. Strømsæther
Tobba Therkildsen
Sudmann
Rolf Sigmund Sunde
Thea Sunde
Terje Svardal
Kurt Svensson
Lars Børge Sæberg
Ingebjørg Dønhaug Sæbø
Rolf Sæterdal
Svein Arne Myhren Tegland
Bjørg Anja Teigland
Johannes Teigland
Elen Telle
Erna Toft
Johan Torekoven
Rita Torget
Torgeir Torvik
Erlend Trones
Siv Trædal
Torill Tverberg
Tora Tønder
Bjørg Tøsdal
Norunn Petrin Valderhaug
Terje Gerhard Valen
Brit Valland
Anna K. Valle
Tone Vatlø

Stig Vaular
Unni Urdal Vedå
Aashild Dalen Veivåg
Jarle Vestrheim
Marta Katrine Vethe
Aud Liv Hole Vike
Gry Vikesland
Magne Julin Vik-Mo
Inger B. Vikøren
Ranveig Kvarekvål Vinje
Ingebjørg Viste
Sjur Vågen
Agnes Råket Vågslid
Marie T Willemse
Liv Astrid Økland
Marius Økland
Nils Ivar Østerbø
Vigdis Berland Øystese
Solveig Åsvang

KARMSUND MÅLLAG

Randi Alvseike
Reidun Hebnnes Berge
Liv Helene Dalen
Asbjørn Djuv
Svein Ove Duesund
Reidun Dyrseth
Knut Erik Ebne
Anne-Ma Eidhammer
Dorthea Sofie Erøy
Grete Fedøy
Lars Kjetil Flesland
Marit Færevåg
Aud Grimstveit
Trygve Handeland
Louise Harris-Christensen
Anbjørn Haugland
Magne Haugsgjerd
Torill Borge Horneland
Margot Ivesdal
Veronika Birgitte Brekke
Jakobsen
Olav Torfinn Jondahl
Svend Kjetland
Tone Kringeland
Monika Kvilhaugsvik
Arne Langåker
Solveig Lunde
Maud Ellen Mikkelsen
Paul Mølstre
Øyvind Nagel-Alne
Agnar Ståle Naustdal
Johannes Ness
Lars Gunnar Oma
Marit Pedersen
Geir Ragnhildstveit
Helga Reinertsen
Åse-Berit Rolland
Terje Rudi
Sigve Arthur Sakseid
Berit Sandve
Trygve Sandvik
Knut Selsaas
Steinar Skartland
Olav Magne Skigelstrand
Njål Steinsland
Torunn Vinje Stålesen
Ernst Arne Sælevik
Knut Tungesvik
Inghart Lasse Tveit
Tom Vestvik

NORDLAND MÅLLAG

Johan Åge Asphjell
Else Bakkehaug
Kåre Belsheim
Trond Bliksvær
Jan Hana
Brikt Kristensen
Tore Moen
Ståle Paulsen
Siri Randers-Pehrson

NORDMØRE MÅLLAG

Aksel Aarflot
Jorid Aarvåg

Oddveig Olava Marie Øren
Aldal
Magnar Almberg
Jon Kristian Aune
Nils Bjørsvik
Styrkår Brørs
Arild Drøivoldsmo
Marie Flemsæter
Ruth Fluge
Sverre Hatle
Marthe Broch Hauge
Johan Sigmund Heggem
Astrid Berit Hindhammer
Jon Samuel Håbrekke
Inger Johanne Iversen
Liv Krumsvik
Jorunn M. Kvendbø
Hanne Kvitberg
Marit Lesund
Olav K. Lien
Oddvar Moen
Tove Mogstad
Henry Opland
Terje Ramsøy-Halle
Bjørg Reiten
Otto Inge Sandvik
Randi Sogge
Anne Marie Strøm
Rolv Sæter
Håkon Børset Sæther
Eirik S. Todal
Elen Maria Todal
Per Utne
Karin Vike

ROGALAND MÅLLAG

Oddveig Kirsten Aam
Gunnleiv Aareskjold
Audun Aarflot
Torstein Aartun
Gunhild Abelsnes
Sigmund Andersen
Svein Astad
Egil Astad
Lars Egil Bakka
Johannes Bakka
Bjarte Birkeland
Per Aksel Birkeland
Bjørg Bjelland
Trygve Brandal
Atle Brandsar
Geir Sverre Braut
Johannes Ness
Jan Egil Byberg
Alf Jan Bysheim
Kjell Bø
Gerd Helen Bø
Olaug Dravik
Ragnar Eriksen
Ellen Einervoll
Lovise Serigstad Espevik
Anne Farbu
Lars Olav Fatland
Terje Fatland
Åse-Berit Fidjeland
Tomas Finnvik
Solveig Moe Fisketjøn
Ingrid Fiskaa
Rune Folkvord
Lars Fossåskaret
Otto Laurits Fuglestad
Ingrid Gjesdal
Endre Gjil
Sølvi Ona Gjøl
Rune Gramstad
Sigve Gramstad
Egil Harald Grude
Ranveig Gudmestad
Ranveig Gudmestad
Vigdis Gullberg
Erik Severin Hagesæther
Solveig Mjølsmes Hatletvedt
Else Berit Hattaland
Lidvor Hatteland
Kari Ingfrid Hatteland
Marit Hauge
Ola Hauge

Inge Haugland
Erik N. Havrevoll
Astrid Heigre
Gro Helljesen
Halvard Helseth
Jan Johansen Hempel
Kari Hidle
Rasmus Hidle
Liv Hobberstad
Kjellaug M. Hognestad
Arvid Horpestad
Morten Hovdet
Jane Valaker Høgalmen
Unni Elisabeth Hørthe
Arna Høyland
Lene Jakobsen
Odd Arne Jakobsen
Anne Martha Kalthovde
Magnar Kartveit
Sigrid Kjetilstad
Steinar Kjosavik
Ingunn Ånestad Kleppe
Anne Marie N. Knudsen
Leif Kjetil Knudsen
Anne Margrethe Kolnes
Tore O. Koppang
Nils Ingvar Korsvoll
Veronica Kråkenes
Herborg Kverneland
Hallgeir Langeland
Roald Lomeland
Eli Marvik
Anne Mo
Anna Måge
Reidar Nesheim
Margunn Tungland Nordbø
Knut Norddal
Anita Nordmark
Øyvind Nordsletten
Målfrid Lunde Norheim
Pernille Nylehn
Tone Obrestad
Kjellaug Sølvberg Oftedal
Ingvar Olimstad
Åshild Osaland
Marit Osland
Esther Ndayizeye Phillibert
Else Marie Lid Rasmussen
Jarle Ravndal
Jorunn Kandal Risa
Audun Rosland
Laila Iren Rossavik
Magne A. Roth
Atle Røe
Torhild L. Rørheim
Jørgen Sagevik
Jorunn Obrestad Salte
Oddbjørn Salte
Rolf Salte
Margunn Hetland Salte
Geir Magnus Sandve
Kari Liv Sandvik
Einar Schibeavaag
Eli Seim
Irene Sel
Jostein Selvåg
Marta Skjerpe
Ingeborg N Skjærpe
Martin Skrettingland
Hanna Småmo
Målfrid Snørteland
Wenche I. Sola
Tom Soma
Torgeir Spanne
Hans Spilde
Marit Rommetveit
Staveland
Audun Steinnes
Gaute Steinnes
Inga Stokka
Ståle Strømsvold
Inge Kristian Sunde
Margoth Sundsbø
Odd Sigmund Sunnanå
Brit Harstad Sværen
Hogne Sønnesyn
Dagfrid Søyland

Svein Kåreson Søyland
Liv-Sigrid Taylor
Tora-Liv Thorsen
Erling Thu
Oddrun Tjeltveit
Kurt Tunheim
Arnvid Tveit
Dorthea Tveit
Kjellaug Undheim
Aslaug Marie Undheim
Inger Undheim
Nils Kåre Urkegjerde
Jone Vadla
Knut Vadla
Rune Valestrand
Ottar Vandvik
Torbjørn Hinna Vangsnes
Astrid Apalset Vassbø
Arve Vedvik
Robinje Melanie Versteegen
Klara Vik
Alv Hermann Vistnes
Atle Ingar Vold
Anne-Bjørg Åbø Wiersen
Viggo Østebø
Nina Østebø

ROMSDAL MÅLLAG

Ingar Aas
Dagrun Gjelsvik Austigard
Henning Austigard
Bjørn Austigard
Målfrid Bakken
Jørgen Bakken
Petter Inge Bergheim
Leif Erik Bolsø
Einar Hestnes Dahle
Berit Drejer
Borghild Drejer
Liv Annbjørg Eidhamar
John Ekroll
Per Bjørn Ellingseter
Øyvind Fenne
Petter Godø
Anne Kringstad Grønvik
Torhild Hanem
Bjarne Karstein Hatle
Kåre Magne Holsbøvåg
Harald Krøvel
Arnhild Digernes Krøvel
Tor Kvadsheim
Einar M Langset
Martinus Løvik
Jofrid Alvild Moen
Vigdis Mørkedal
Gunnhild Austlid Oppigard
Reidun Drabløs Oterhals
Asbjørn Oterhals
Astrid Skarsbø
Marianne Skare Skavøy
Anne Karin Stokkeland
Oddmund Svarteberg
Kjell Johan Vatne
Olise Vestad
Odd Visnes
Øystein Øye

SOGN OG FJORDANE MÅLLAG

Anne Marie Aagård
Jon Aaning
Magne Peder Svein Aardal
Lise Aasen
Ragnhild Anderson
Georg Arnestad
Johannes Bakken
Unni Kristin Berge
Marios William Oikonomakis Bergset
Sidsel Bergset
Bente Kvernevik Berstad
Olaug Marie Bjelde
Kjellaug Bjergene
Ole Georg Blikås
Jan Erik Bolstad
Olaug Brekke
Lars Brusegard

Toril Bruvik
Oddbjørn Bukve
Liv Byrkjeland
Inger Margrete Bødal
Gunhild Børtnes
Gyda Bøtun
Nils Distad
Jofrid Aardalsbakke Djupvik
Tryggve Dyrvik
Karen Brekkenes Eide
Kjell Erik Eldegard
Eldbjørg Stegane Engebø
Hallstein Erdal
Astrid Ervik
Johannes Flaten
Siri Cecilie Flatjord
Johannes Fleten
Anita E. Flo
Sverre N. Folkestad
Ingemår Fosshagen
Geir Inge Fossøy
Jan Olav Fretland
Jan Martin Frislid
Rigmor Frøyen
Ellen Frøyen
Siri Bente Fuhr
Ottar Færøyvik
Asbjørn Geithus
Håkon S. Giil
Sigrid Gjelsvik
Arne Gjeraker
Magnhild Gravdal
Dagfrid Grepstad
Olav Grov
Oddlaug Hammer
Audun Hammer
Margit Hovland Hamre
Veronica Hauge
Ingrid Hauge
Hans Haugen
Bjarne Havro
Marit Husby Heggen
Sissel Heggheim
Astrid Jorunn Henden
Siri Johanne Moe Henjum
Inger Hilde
Helga Hjetland
Marianne Hoff
Tara Botnen Holm
Sølvi Anne Espeland Hope
Jorunn Hope
Ragnar Hove
Linda Hovland
Nils Husabø
Liv Husabø
Målfrid Husnes
Kari Zwijnenburg Huus
Eiliv Sverre Hånes
Martha Systad Iden
Øyvind Indrebø
Ingunn Kandal
Odd Kinden
Per Kjelstad
Lars Kjøde
Ola Kjørstad
Gunnar Kjørvik
Oddborg Hellebø Klævold
Ola Kongsvik
Anna Oddbjørg Pauline
Krakhellen
Kirsten Gram Kristiansen
Kari Ann Krogh
Ørjan Kvalsvik
Anita Kvammen
Aage Kvendseth
Hildegunn Kvistad
Liv Janne Kvåle
Bjarne Kaarstad
Inger Langvik
Øystein Lavik
Heine Johannes Linga
Magnar Ljøsne
Bjørg Dombestein Lofnes
Jorunn Loftesnes
Jon Ove Lomheim
Rune Lotsberg
Olav Luggenes

Sigrid Lunde
Atle Hagen Lunde
Håkon Lundestad
Kolbjørn Løken
Anna Karine Marstein
Terje Erik Moe
Knut Moen
Ragnhild Skogen Molde
Johan Moldestad
Eldrid Morken
Randi Bjørg Myklebust
Camilla H Myklebust
Knut Ole Myren
Oddvar Natvik
Siri Merete Nedland
Olav Nedrebø
Gunnvor Ness
Julie Kristine Ness
Jorunn Solheimslid Nilssen
Astrid Marie Nistad
Odd Njøs
Stein Bugge Næss
Per Scott Olsen
Asbjørg Ormberg
Signe Marie Orvedal
Vidar Otterstad
Jon Ramstad
Oddbjørn Ramstad
Annette Refsdal
Rønnaug Reiakvam
Sæmund Kjetil Rindal
Henning Leiv Rivedal
Bente Rydlandsholm
Signe Marie Rønnekleiv
Bjørn Rørtveit
Nils R. Sandal
Margot Sande
Merete Sande
Laila Hov Sandnes
Torkil Solheim Sandsund
Jorunn Sandvik
Atle Savland
Marta Kari Schawlann
Håkon Sjøstad
Finn R. Skare
Anders Skarestad
Einar Skeie
Jon Skjeldestad
Gunnlaug Skodvin
Erik Skogli
Gudmund Smådal
Annlaug Sognnes
Synneva Kolle Solheim
Joar Stegane
Ingeborg Marie Stige
Henrik Stokkenes
Irene Stokker
Nils Ola Strand
Kristin Svandal
Målfrid Sværen
Jorunn Systad
Gunnhild Systad
Ingrid Heieren Sølvberg
Leiv Sølvberg
Ståle Sørbotnen
Ingrid Søyland
Audun Takle
Herfinn Takle
Sverre Tandle
Bjørg Eikum Tang
Dagrun Thingnes
Olav J. Thune
Rune Timberlid
Finn Trædal
Kari Tveit
Anne Grethe Tveit
Asgeir Tveit
Ragnhild Tveit
Solrun Ullaland
Tone Flem Ulvestad
John Elling Vereide
Jorunn Veseth
Kari Vik
Ingri-Eline Vik
Lars Øyvind Vikesland
Oddhild A. Voll
Sverre Volle

Wenche Wie
Ottar Wiik
Eva Wurm
Njål Ølmheim
Liv Østrem
Magni Øvrebotten
Annbjørg Øyri
Vidar Åm
Lin Åm

SUNNMØRE MÅLLAG

Inger Aarflot
Gunn Rigmor Aarnes
Ottar Aashamar
Kristian Almås
Hilde Alvestad
Jan-Erik Andreassen
Ivar Bjarne Berge
Ingunn Bergem
Torunn Bildøy
Sigmund Bjerkvik
Dagfinn Bjørkedal
Leiv Bjørndal
Gunnvor Skaar Bondhus
Veronika Bonaa
Ingval Bortne
Oddhild Brandal
Ane Marte Botn Brattli
Hilde Brænne
Ole Arild Bø
Johanne Bøe
Kari Elisabet Løvoll Dalhus
Siv Dimmen
Norunn Margrethe Dimmen
Velaug Grønnevet Dragnes
Jarle Dyb
Marit Veiberg Eide
Oddrun Eidem
Lisbeth Eive
Heidi Fagna
Knut Falk
Ann Britt Våge Fannemel
Jostein G Farstad
Nora Gunn Morken Farstad
Aud Farstad
Jørund Fet
Merethe Hjertø Flusund
Magnar Furset
Gunn Berit Gjerde
Tore Gjære
Odd Goksøyr
Magritt Jarlsdotter
Grimstad
Harald Grimstad
Einfrid Grindheim
Julianne Skulstad Gryt
Øystein Grønmyr
Liv Gullberg
Svanhild Vestre Hauge
Severin Hauge
Ingunn Haus
Ingrid Huse Heggdal
Jorunn H. Henriksen
Reidun Hunnes
Astri Hunnes
Rolf Huus
Ingrid Runde Huus
Lars Innvik
Bernt Kalvatn
Jørund Kile
Jakob O. Kjersem
Terje Kjøde
Synnøve Knotten
Kjetil Odd Korsnes
Ivar Krøvel-Velle
Aslaug Landsverk
Ingvild Årøen Lein
Torunn Sandnes Lidarende
Haldor Lillebø
Olav Lyng
Rune Einarsson Løndal
Petter Melchior
Anne Jorunn Dalseth Moe
Helge H. Moe
Gerd Moltubakk
Brynhild Mykkeltveit
Sølvi Woldsund Myrhol

Eldar Myrhol
Harald Nordang
Edith Flak Nordang
Brynhild Kåra Lund Notøy
Ingvild Hansen Nystad
Irene Sara Nystøyl
Trine Naadland
Ola Omenås
Lars Omenås
Bjørnar Osnes
Britt Oterholm
Vidar Parr
Terese Petersen
Lillian Ramnefjell
Karl Ramstad
Vigdis Riise
Solveig Eldrid Risbakk
Kari Lisa Dimmen Roald
Ottar Rogne
Gunder Runde
Anni Selma Rusten
Per Atle Røe
Merete Kristin Løvoll
Rønneberg
Daniel Sandal
Lena Landsverk Sande
Mariann Schjeide
Else Synnøve Skarbø
Sindre Skurtveit
Nina Kvamme Slettestøl
Dagfinn Sindre Slettevoll
Jarle Solheim
Aud Solheim
Endre Standal
Ola L. Steinsvik
Kristin Sunde
Linbjørg Bjørkavåg Sunde
Arnhild Sæther
Bjørn Inge Taklo
Eldar Tandstad
Asgeir Tandstad
Per Svein Tandstad
Geir Steinar Tandstad
Alette Teige
Paul Arnfinn Tomasgard
Asbjørn Tryggestad
Solveig Ulstein
Randi Flem Ulvestad
Inger Marie Urkedal
Anne-Britt Vartdal
Jorun Våge Vestnes
Åse Irene Vestre
Eldrid Vik
Bodil Waldal
Sveinung Walseth
Fredmøy Solny Wollen
Knut Ytterdal
Øyvind Østvik
Hans Otto Øvreli
Ingebjørg Røyrrhus Øyehaug
Magnar Åm
Kjell Arne Årseth

TELEMARK MÅLLAG

Hilde Elisabet Aga
Johannes Apold
Sveinung Astad
Gunhild Berntsen
Lars Bjaadal
Halgeir Brekke
Sigrid Bø
Olav Rune Djuve
Aslaug Storåsen Djuve
Tjøstov Gunne Djuve
Gunhild T Dølen
Per Engene
Knut Espelid
Olav Felland
Jon Funner
Asbjørn Gardsjord
Oscar Johan Garnes
Hans Magne Gautefall
Irja Godal
Torgeir Grimstveit
Asbjørn Nes Hansen
Kristian Ihle Hanto
Svanhild Haugen

Knut T. Haugen
Alice Jeanne Haukelidsæter
Neri Hestetun
Ragnhild Hovda
Ingunn Hovde
Hallgrim Høydal
Margit Ims
Halvard Jansen
Arne-Birger Knapskog
Torunn Hovde Kaasa
Tove Løyland
Sigrun Garvik Moen
Stein Moholt
Hilda Helene Neset
Guri Espeland Ness
Ellen Bojer Nordstoga
Aasmund Nordstoga
Sigrid Marit Finnseth Nykos
Jakob Olimstad
Anne Gunn Tveit Parkinson
Gunnhild Breivik Rieber-
Mohn
Kari Rustberggård
Anne Ingebjørg Ruth
Børre Rønningen
Else Selman
Per Skaugset
Gunvor Solberg
Olav Solberg
Margit Ryen Steen
Alv Halvor Straumstøyl
Hallbjørg Strøm
Tone O. Stuvrud
Nina Søråsdekkkan
Olav Teigen
Rolf Theil
Olav Tho
Torkjell Tjønn
Kari Tveit
Alf Torbjørn Tveit
Borgny Sletteemoen Tøfte
Christian Utigard
Harald Valle
Margit Verpe
Odd Veivle
Kjell Vistad
Johan Vaa
Hans Ødegård
Halvor Øygarden

TROMS OG FINNMARK MÅLLAG

Nils Aarsæther
Per K. Bjørklund
Odd Borch
Terje Christoffersen
Terje B. Dahl
Sveinung Eikeland
Bjarne Eilertsen
Karl Ragnar Engstad
Torgeir Engstad
Liv Grønvik
Ånund Haga
Trude Hagen Hansen
Lillian Bernes Hay
Kjell Heggelund
Olav Gaute Hellesø
Olaug Husabø
Kjellaug Jetne
Magne Kleiveland
Bjørn Berge Kristiansen
Ellen Skjold Kvåle
Eirik Liland
Tyra V. Mannsverk
Ola Melby
Oddrun Molvik
Valborg Myklebust
Atle Måseide
Ole Edgar Nilssen
Aud-Kirsti Pedersen
Gerd Sivertsen Prestegard
Guro Reisæter
Ingrid Russøy
Rønnaug Ryssdal
Guri Skeie
Sunniva Skålnes
Anne Marta Steinnes

Hallvard Tjelmeland
Jon Todal
Åse Utkilen
Øystein Alexander
Vangsnes
Karin Vrålstad

TRØNDERLAGET

Vanja Aasum
Hallgerd Aune
Randi Avelsgaard
Håvard Avelsgaard
Kjell Bardal
Ivar Berg
Jakob Bjerkem
Arvid Bjørgum
Karl-Ove Bjørnstad
Mathias Bruheim
Lars Daling
Åsa Brodtkorb Danielssen
Olaug Denstadli
Oddrun Duesten
Jon Hanger Eggen
Inger Ertsås
Ola Stuggu Fagerhaug
Tore Fagerhaug
Helge Fiskaa
Svein Arild Fjeldvær
Margit Flakne
Asbjørn Folkvord
Nina Fossheim
Kristian Johan Fossheim
Arne A. Frisvoll
Anders Gjelsvik
Gunnhild Grue
Jon Grønlid
Gunnhild Nedberg Grønlid
Anders Gustad
Marit Hatlelid
Johannes Haukelidsæter
Kjellrun Hersund
Knut Holmen
Ola Huke
Ole Husby
Målfrid Hyrve
Kjell Håve
Inger Sandvik Jarstein
Eli Kristin Johansen
Åke Junge
Johannes Krumsvik
Brynhild Kvåle
Kirsti Årøen Lein
Jens Loddgard
Borghild Kristin Lomundal
Bjørn Lund
Lars Kolbjørn Moa
Olav Moe
Håvard Moe
Tore Moen
Gunnar Morken
Hermann Moshagen
Magne Måge
Ragni Nergård
Ingrun Norum
Idar Næss
Solveig Otlø
Helge Raftevold
Herman Raness
Jostein Rekstad
Einar Rædergård
Per Rønningen
Rutt Olden Skaug
Oddny Pauline Skeide
Åsmund Snøfugl
Ingebjørg Sogge
Odd Sigmund Staverløkk
Kari Stavset
Kristin Storig
Roald Sund
Svein Bertil Sæther
Einar Sørli
Jan Sørås
Tor Inge Tennfjord
Torbjørn Tranmæl
Knut Erik Valskrå
Julie Heggdal Velle
Harald Vik-Mo

Ann-Merethe Voldsund
Anne-Berit Østbø
Per Kristian Øvrehus
Yngve Øye

VALDRES MÅLLAG

Elisabeth Inger Bakkene
Gunnar Belsheim
Bjørn Berge
Kristine Brenden
Bente Brenna
Olav Gullik Bø
Inger Solveig Bøe
Reidun Espeseth
Heidi Fosheim
Ola Fosheim
Margit Fuglehaug
Kjell Hagerup
Ove Haugen
Ingunn Hommedal
Frank Tommy Jacobsen
Gerd Kvam
Nils H. Leine
Bjørn Lerhol
Jonas Lunde
Anders Lunde
Torodd Lybeck
Kjellfrid Nettum
Nils Rogn
Oddbjørn Skeie
Ragnhild Solberg
Anne Berit Strømmen
Strand
Marit Eltun Svendsen
Knut Tjelle
Per Gunnar Veltun
Kari Bø Wangenstein
Ambjørg Westerheim
Magnor Wigdel
Berit Matre Ødegaard
Ingebjørg Årseth

VEST-AGDER MÅLLAG

Ragnar Alrek
Eldrid Arne
Tove Berulvson
Osmund Valand Eikeland
Anne-Berit Erfjord
Marit Fjordheim
Kristen Fløgstad
Tone Astrid Folkvord Flod-
quist
Grete Forgard
Atle Julius Fosse
Randi Lohndal Frestad
Vigleik Frigstad
Tor Marius Gauslaa
Bernt Gautestad
Ole Steffen Gusdal
Siri Hangeland
Oddmund Harsvik
Berit Fiskaa Haugjord
Magne Heie
Ola Reidar Haaland
Ove Haaland
Gudrun Haugen Håvorsen
Karin Vere Jacobsen
Oddvar Jakobsen
Solveig Katterås
Tore Kvæven
Kirsti Lavold
Solveig Stallemo Lima
Målfrid Lindeland
Sylfest Lomheim
Bjørn Manflå
Kåre Messel
Kjartan Myklebust
Gudlaug Nedrelid
Terje Næss
Bodil Kvernenes Nørsett
Håkon Bøye Prestegård
Nils Salvigsen
Ragnhild Maria Sandvik
Margit Seland
Bjørn Helene Slapgard
Eli Smedsland
Olav Stakkeland

Nils Harald Stallemo
Asbjørn Stallemo
Leiv G. Storesletten
Oddvar Sørli
Ragnhild Toreid
Vidar Toreid
Gunnar Vollen
Ivar Åmlid

ØSTFOLD MÅLLAG

Kjetil Aasen
Asgeir Bjørkedal
Ole Johan Bjørnøy
Eldrid Fjalestad
Arnstein Hjelde
Ragnhild Jervell
Inger Marie Kolberg
Arne Kvernhusvik
Randi Larsen
Per Thorvald Larsen
Per Kristian Løkkevik
Rune Pedersen
Halvor Bjørkum Rognerud
Einar O. Standal
Jorun M. Stangnæs
Morten Tutturen
Mona Tøpfer
Jørn Egil Zöllner

YRKESMÅLLAG

Tove Bakke
Kjellfrid Bøthun
Anne-Marie Botnen
Eggerud
Elise Sundfør Erdal
Olav Furnes
Arne Gramstad
Kristian Hagestad
Anders Bøyum Halvorsen
Sissel Hole
Eirik Holmøyvik
Marie Hovland
Eskild Hustvedt
Kari E Huus
Rønnaug Kattem
Hallvard Kjelen
Birgit Oline Kjerstad
Egil Henrik Lehmann
Kjell Harald Lunde
Torgils Lægred
Arne Exner Nakling
Arild Kolbein Nesdal
Marta Norheim
Borge Otterlei
Signe Rauboti
Ebba Riis
Frode Ringheim
Lars Helge Sørheim
Harald Thune
Turid J. Thune
Sigrid Tyssen
Birger Valen
Olav Vesaas
Vidar Ystad

BEINVEGES INNMELDE

Erling Balstad
Kari Synnøve Bjørndal
Randi Einrem
Marit Fattnes
Knut Følstad
Asbjørn Leonhard Hansen
Egil Andreas Helstad
Johannes Hjønnvåg
Liv Marit Idsø
Sverre Kulstad
Sigurd Meldal
Glenn Roger Nergård
Trude Brita Nergård
Berit Nikolaisen
Hans Inge Pedersen
Magni Sandal
Åse Floa Steinrud
Anne Marte Herring
Wammer
Kari Ystgård

■ kviss • Audun Skjervøy

- 1 I 1878 gav denne målmannen og ordsamlaren ut boka *Maalreisningen her hjemme, belyst fra udlandet*.
- 2 Tarjei Vesaas' debutantpris blei delt ut første gongen i 1964. Kven fekk prisen?
- 3 Kva år kom det første heftet av *Norsk ordbok* ut?
- 4 Når fekk lag frå Nord-Noreg sleppe til i den øvste fotballdivisjonen?
- 5 Kven står bak den kontroversielle KI-roboten ChatGPT?
- 6 Kva komponist budde i mange år på eigedommen Siljustøl?
- 7 Kva var dei to siste republikkane som var med i den føderale republikken Jugoslavia?
- 8 Den pensjonerte NRK-journalisten Christian Borch går i ei ny bok til verbalt angrep på journalistkollegaer som får bruke dialekt i Dagsrevyen. Kva heiter boka?
- 9 Gjeld dyrevelferdslova for oppdrettsfisk?
- 10 Kva land hadde dei største tapa av menneskeliv i forhold til folketalet under den andre verdskrigen?
- 11 Det blir sagt at kongefamilien står på *slottsbalkongen* 17. mai, men er det eigentleg ein *balkong* dei står på?
- 12 Kor stor del av dei globale CO2-utsleppa står Kina for?
- 13 Ein jordbærart er svartelista i Noreg. Kva heiter arten?
- 14 Kva kallar Nord-Korea sjølv den statsberande ideologien sin.
- 15 Kva blir ein tropisk orkan kalla i stillehavsområdet?
- 16 Det var to gudeætter i den norrøne mytologien. Æsene var den eine, kva var den andre?
- 17 Emmerson Mnangagwa, presidenten i Zimbabwe, har eit lite flatterande kallenamn. Kva er det?
- 18 Det er to hovudklassar av kjernefysiske våpen. Kva heiter dei?
- 19 Forfattarduoen Bing og Bringsværd skapte ein krimserie som gjekk på norsk fjernsyn i 70- og 80-åra. Kva heitte etterforskarane i serien?
- 20 Låten «Dra til hælvet» blei i si tid svartelista av NRK. Kva artist stod bak?

1 Hans Ross
2 Sigmund Jakobsen (for diktsamlinga *Gjenombrænd*)
3 1950
4 I 1972
5 Det amerikanske forskingsselskapet OpenAI.
6 Harald Sæverud
7 Montenëgro og Serbia
8 *Bak kullssene – minner fra et liv i journalistikkens skarpe ende*
9 Ja (trava til god friskevelferd i dyrevelferdslova er regulert gjennom forskrifter)
10 Polen (20,3 prosent av befolkninga – 7,1 millionar, 3 millionar av desse var jødar)
11 Nei, dei står på ein veranda.
12 30 prosent i 2022 (ifølgje prognose frå Global Carbon Project)
13 Moskussjordebær
14 Juche (som kan omsetjast med sjølvberging)
15 Tjyon
16 Vanene
17 Kokodilla
18 Fjersonvåpen og fusjonsvåpen
19 Helmer & Sigurdson
20 Beranek (Espen Beranek Holm)

Hundre år sidan etternamn vart obligatorisk

Fornamn har eksistert så lenge menneskeslekta har hatt språk, men etternamnet er ei moderne greie.

■ Namneforskar Ivar Utne fortel til ung.forskning.no at det i år er 100 år sidan at namnelova vart vedteken. Ifølgje lova skulle alle familiar ha faste etternamn. Det var for å kunne halde skikk og orden på kven som var kven, og det var praktisk for skattebetaling, sjukehus og skulegang.

Før namnelova hende det at jenter fekk fornamnet til faren med ordet «dotter» som etternamn. Heitte faren Hans kunne dottera få namnet Anna Hansdotter.

– Med namnelova vart det vanleg å ta namnet til faren, og så putte «sen» bak. Og det skulle gjelde for alle i familien.

Av dei 30 vanlegaste etternamna i Noreg i dag sluttar 23



“**Heiter folk Andersen, så må det vere ein Anders bakover i familien. Heiter dei eit type stadnamn, må det vere frå ein gard.**

Ivar Utne, namneforskar

NPK

av dei på sen. Hansen, Johansen og Olsen er mest vanleg.

Etternamn kom til Noreg frå andre land først på 1600- og 1700-talet. Utne fortel at nokre tok med seg namn frå land som Tyskland og Danmark. Etternamn var mest brukt i byane. Folk byrja å flytte frå landsbygda til byane utover 1800-talet, og då vart det også meir vanleg med etternamn.

Nokre av dei utanlandske namna kom frå yrke. Smith kom frå smed og Møller frå ein som mol kornet sitt i ei mølle. Andre etternamn kom frå kallenamn, som til dømes Lange.

Ivar Utne er namnegranskar ved Universitetet i Bergen.

Han spør stadig vekk folk om kvar etternamna deira kjem frå, og det er overraskande kor mange som ikkje veit det, seier han. Han oppmodar folk som er usikre til å spørje folk i familien, men det finst også namnebøker.

– Heiter folk Andersen, så må det vere ein Anders bakover i familien. Heiter dei eit type stadnamn, må det vere frå ein gard, seier han.

Hulda Garborg-stipendet 2022 til Morten Svartveit

«Han har eit vin- nande scenisk vesen og varm utstrå- ling», seier juryen.

■ Prisutdelinga gjekk føre seg torsdag kveld etter ei framsyning av *Sluttspel* av Samuel Beckett på Det Norske Teatret. Svartveit spelar sjølv i framsyninga. Etter applausen kom to representantar frå juryen opp på scena og over- rekte blomar og diplom til prisvinnaren, til stor jubel frå salen.

I grunngevinga skriv juryen blant anna: «Vinnaren har eit breitt språkregister nett som han syner breidde i skodespelar- talentet sitt. Han er altså ikkje «låst inne» i ein bestemt dialektal tone, men syner fleksibilitet og evne til å lytte seg fram til språket til ein karakter. Replikkane flyg lett og naturleg frå vinnarens munn. Han har eit vinnande scenisk vesen og varm utstråling. Den språklege tryggleiken bidreg sikkert til det. Vinnar av Hulda



Morten Svartveit

Foto: Det Norske Teatret

Garborg-prisen for 2022 er skodespelar Morten Svartveit.» Hulda Garborgs stipendfond har ei lang historie heilt tilbake til 1923, og skal gå til skodespelarar som spelar på nynorsk med formål «... at skodespelarar som spelar på norsk (landsmål) skal få ferdastipend, eller i minsto noko tilhjelp til ferder...». Juryen

består av tre personar, som blir vald av styret i Samlaget, styret i Det Norske Teatret og av dei tilsette på Det norske Teatret.

Prisen er på kroner 10 000,-.

I juryen sit Borghild Maaland Ebersen (Samlaget), Carl Morten Amundsen (Det Norske Teatret – styret) og Marianne Krogh (Det Norske Teatret – tilsette).



Vask er naudsynt

Optima pH4 Hudvask

gjer at huda tåler hyppig vask utan å tørke ut.

- unik kombinasjon av alginat og organiske syrer
- inneheld mjukgjerande hudpleieingrediensar

pH 4 førebygger hudplager og bevarer den gode bakteriefloraen.

Utan parfyme. Låg pH.



Scan for
meir
produktinfo



Mykje har skjedd i Målungdomen hittil i år. Her er **eit innblikk** i noko av det me har funne på.



OVER: Gjengen samla på Vinterleir på Fosser. Foto: NMU



TIL HØGRE: Bilete frå studenstamlinga i Tromsø.

Foto: Marit Ping Bersås

■ **Vinterleiren** er ei av dei viktigaste tilskipingane i NMU og i slutten av januar skipa NMU til vinterleir på Fosser i Aurskog-Høland. Om snøen ikkje låg tjukk på marka, var det likevel råd å ake, og innomhus var det både brettspel, handarbeid og loddtrekking. På programmet stod innleiingar om dialektene i Aremark og Trøgstad, banning og nynorsk i høgare utdanning, så vel som lokallagstips frå Studentmållaget i Nidaros.

Helga 17.-19. februar inviterte Studentmållaget i Tromsø til **studentsamling** i byen ved same namn. Dei 26 deltakarane fekk

mellom anna høyre om nynorsken si søge i Nord-Noreg og lære om tromsødialekta og dei samiske språka. Mellom det faglege var det òg råd å stifte kjennskapar med så vel byen som dei andre deltakarane, og helga baud på museumsvitjingar med samisk i fokus, domkyrkjer og gondolheisar og gode måltid, så vel som leik og moro.

Har du lyst å lese meir om korleis det var å vere på tilskipingane, har Stina Ringdal Strøm og Marit Ping Bersås skrivne fyldige rapportar i den nyaste utgåva av *Motmæle*.

■ leiarspalta



TOBIAS CHRISTENSEN EIKELAND
Leiar i Norsk Målungdom

Nynorskelevane fortener betre

■ Noregs Mållag har eit viktig oppdrag i å fremje For elevane er opplæringslova den aller viktigaste språklova. Nynorskelevane har oppgjennom åra alltid måtta kjempa for språkkrettane sine. Men i mange år har nynorskelevane hatt den openberre og viktige retten til å få læremidla sine på eige skriftspråk. Dei siste tiåra har meir og meir av opplæringa blitt flytta over til digitale læreflater. Denne digitaliseringa ser Norsk Målungdom positivt på. Ho mogleggjer meir tilrettelagt, interaktiv og engasjerande undervisning. Diverre har denne utviklinga komme på kostnad av nynorskelevane. I over tjue år har Norsk Målungdom kjempa for at nynorsken må bli teken omsyn til i denne utviklinga.

■ I 1997 skipa Norsk Målungdom i lag med EO (då NGS og NEO) til Aksjon for språkleg rettferd i skulen (AFSRIS), som mønstra sterk motstand mot framlegget til ny opplæringslov. 30 000 elevar streika for retten til nynorske læremiddel. I 2000 streika 21 000 skuleelevar for retten til dataprogram på nynorsk. Dette er altså inga ny problemstilling. Smutthol, motvilje og manglande kunnskap har ført til at nynorskelevane i mange år har fått ein aukande grad av digitale «læringsressursar» som berre finst på bokmål, med den aller største veksten dei siste åra. I arbeidet med den nye opplæringslova har hovudkravet vårt vore klart og tydeleg: Parallellitetskravet må femne om læremidla elevane faktisk brukar.

■ Difor var det eit stort vonbrot at lovframlegget som vart lagt fram, ikkje rokka ved parallellitetskravet. I eit intervju med Motmæle, som du kan lesa på nett, seier kunnskapsministeren at det er nynorsken som vil tapa på parallellitetskrav som femnar om meir. Korkje me eller Språkrådet er samde; Det er elevane, og særleg nynorskelevane, som vil tapa om ordlyden som er lagt fram, blir ført vidare. Det er med lova me har no, og også slik framlegget er no, at lærarane ikkje har den fridomen dei treng for å gje elevane god opplæring.

■ Det vil få øydeleggjande verknader på opplæringa til nynorskelevane dersom parallellitetskravet held fram slik det har vore sidan 2010, som i realiteten vil bli ei stor svekking: Når skulen blir meir og meir digital, vil mindre og mindre bli femna av kravet, og nynorskelevane – som er heilt avhengige av å møte språket sitt på skulen – vil få dårlegare og dårlegare språkopplæring.

■ Eg deltok på høyring i saka på Stortinget 20. april, der eg la fram synspunkta til Norsk Målungdom, med dei 1 200 medlemmane bak ryggen. Eg vonar at Stortinget endar opp med å støtte krava våre, elles kjem krisa for nynorskelevane til å bli enno verre i åra som kjem.

Gjer som andre mållag

Har byen din / bygda di
eige termometer?



Norsk produkt
SIDAN 1999



DT.

KORLEIS KOMMA I GANG?

Dette er gøy, og eit artig produkt for plassen dykkar!

- Me treng namn og nummer for laget dykkar og plassen de ønskjer å hjelpa oss med.
- Deretter kontaktar me dykk for prosessen vidare og sender over info skriv med skjema for innsamling av lokale ord og utrykk.
- Dialekttempen stiller med eigen kontaktperson under heile prosessen.
- Dei lokale mållaga dykkar, saman med Dialekttempen, er med på å vareta det lokale språket på ein artig måte.
- Etter godkjenning før produksjon vil me utbetala mellom 5 og 10 000 kroner. Det lokale termometeret kan også leverast som betaling for jobben, og kan då seljast lokalt.

KONTAKT OSS:
www.dialekttempen.no

+47 90 91 22 42
nyplass@dialekttempen.no

Imponerende teft og tryggleik

Korleis skal me takle at dei me er glade i, døyr? Og endrar det seg om me ikkje kjenner dei godt? Debuten frå **Ellen Løvhaug Harrison** er rå, men òg varm, var og detaljert.

JÓGVAN HELGE GARDAR
jogvan@malungdom.no

■ Samlinga ligg i spenn mellom to periodar i livet til forteljaren. Det handlar på ei side om ein familie som danner seg eit liv på den amerikanske austkysten. På den andre følgjer me ein familie som har gått i oppløysing, der mor og to døtrer har flytta til Noreg, medan far er att i Amerika. I Noreg sit ei dotter att og freistar å få greie på ei fortid og ein far ho ikkje lenger kjenner. Ho vil gjenoppleve fortida via bilete, videoopptak og ein dialog med faren som er borte.

Slik mellom andre Brynjulf Jung Tjønn og Carl Frode Tiller har gjort det siste året, lagar Harrison noko som utfordrar grensene mellom lyrikk og prosa. Det er vanskeleg å sjå på utgjevnaden som ei samling enkeltstående dikt, for han fungerer i mykje større grad som eit gjennomgåande narrativ, der kvart dikt rettar lys på nye aspekt. Ingen av dikta har eigen tittel, og dei skildrar alle dei same omstenda, den same saga om vanskelege fami-



■ bokmelding

Ellen Løvhaug Harrison:

Søv berre når du søv

Samlaget, Oslo 2023

123 sider

lieforhold. Det gjev ofte den same kjensla som god assosiativ prosa kan gje, og på få ord viser det mange ulike sider av forteljinga.

Den granskande stilen og opne innstillinga leier oss gjennom eit søk etter fortid og slektskap. Det er imponerende teft og tryggleik som ligg mellom versa hjå Harrison. Lesaren famlar i den same uvissa som forteljaren, og blir del av ei søge der svaret alltid ligg litt for langt borte, akkurat utanfor rekkjevidde.



Ellen Løvhaug Harrison

Foto: Emma Sukalic / Samlaget

Verdfulle refleksjonar

Berre nokre få ord skulle til for å gjere **Warsan Shire** verdskjend, men den siste omsetjinga syner at forfattarskapen hennar er meir enn berre slagord.

JÓGVAN HELGE GARDAR
vemund.knudsen@nm.no

■ Det vert ikkje mange lyrikarar til del å slå gjennom i populærkulturen slik Warsan Shire har gjort. Samarbeidet med Beyoncé har gjort sitt, men viktigare er det at orda hennar er blitt til kamprop i demonstrasjonar for flyktingerettar verda over. «Ingen drar frå heimen sin om ikkje heimen er munnen til ein



■ bokmelding

Warsan Shire:

Velsigne dottera oppdratt av ei stemme i hovudet

Samlaget, Oslo 2022

73 sider

hai», skreiv ho attende i 2011, men tematikken er ikkje lagd bort i den nye samlinga.

Ein del av stoffet er kjent frå *Eg lærer mor mi å føde* (2011) og andre tidlegare pamflettar, men Shire utvidar og byggjer vidare. Det handlar framleis om livet på flukt, men ho får òg plass til verdfulle refleksjonar om familierelasjonar, framandgjering, kolonisering og kroppslig integritet.

Gjennom heile samlinga krev Shire mykje av lesaren. Ho krev at me set oss inn i situasjonen til henne sjølv og familien hennar. Og ho krev at me ser og forstår borna som er utsette for kjønnslemlesting, flyktingane som ikkje får sove når dei endeleg har ei trygg seng, og

jenta som nyttar dueblod på bryllaupsnatta. Alle desse formaningane vert i hop til eit imperativ: Me må gjere noko.

Bak omsetjinga står Camara Lundestad Joof og Kristina Leganger Iversen, som òg leverte den norske utgåva av *Eg lærer mor mi å føde* i 2020. Her òg er arbeidet gjort varsamt, med omtanke både for leseopplevinga og originalinnhaldet. Omsetjinga beheld ein del ord og uttrykk frå arabisk og somali, men dei fleste er forklarte i glossaret. Til saman vert dette ei omsetjing som klarar å halde fast ved både alvoret og intensiteten frå den engelske originalen, og som krev like mykje av publikum som Shire gjer i sin eigen tekst.

Når vi jazzar med Duun

Olav Duuns *Juvikfolke* 100 år etter



Heming H. Gujor
Professor nordisk
litteratur,

Institutt for lingvistiske,
litterære og estetiske
studium

Universitetet i Bergen

HEMING H. GUJOR
Heming.Gujord@uib.no

Språket

– Eg har hatt ein god lærar i norsk, sa Olav Duun då han fylte 50 år. – Det var den gamle kårkallen heime, han Andreas. Av Andreas hadde Duun lært at *setningen var alt og ordet inkje*. Så la han til eit hjartesukk som kastar ekko fram til i dag:

«Eg har alltid kjent meg som ein prest i ei tom kyrkje når eg har fylgt læra hans gamle Andreas. Det ser ut til at dei fleste målfolk synest orda og bokstavane er alt, setningane inkje.»

Duun gav få intervju og snakka ikkje mykje om si eiga dikting. Og når ein forfattar snakkar om si eiga dikting, veit vi ikkje alltid om vi kan stole på han. Her trur eg likevel vi kan stole på Duun som no verkeleg kunne tale ut som anerkjent diktar og nobelpriskandidat. Han plasserte seg då som ein formidlar mellom det som hadde vore og det som er, og han gjekk aktivt inn i målstriden. Kampen om morfologien overlèt Duun då til andre. Hans eige bidrag var å føre det talte språket inn i litteraturen, og det på ein så sterk måte at det måtte erkjennast som høgverdig og verdifullt som kunst.

Slik bidrog Duun til å gi folkemålet kulturell kapitalverdi, for å sette det på ein kultursosiologisk formel etter Bourdieu. «Ja, men æg e no ikkj tå postelin hell,» seier Solvi til Petter i I blinda, andre bandet av *Juvikfolke* frå 1919. Kva kraft ligg det ikkje i ei slik linje! Kva anerkjening ligg det ikkje i høve til både talemålet og den unge kvinna som seier desse orda! Sett i tilbakeblikk er det fort gjort å leite etter skjulte agendaer når det var riksmålsmannen Arnulf Øverland som skreiv den første boka om Duun. Boka kom til Duuns 50-årsdag i 1926 og hadde tittelen Olav Duun. Boka viser at Duun ikkje berre talte til ei tom kyrkje i bøkene sine, for bodskapen nådde i alle høve fram til Øverland:

«Man har kaldt landsmålet et fattig sprog – læs Olav Duun! – Et rikere og skjønnere, mere klangfuldt og malende, et mere lunefuldt og lykkelig instrument for menneskelig ånd og følelse findes ikke.»

Då Øverland skreiv dette i 1926, var det i full anerkjening. Då boka hans om Olav Duun blei sendt ut på nytt i 1955, hadde striden om samnorsk slått inn slik at det også kom til å handle om språkpolitikk. Men heller ikkje då fall

“ **Duun er den einaste klassikaren i norsk litteratur som verkeleg også gir samane – i hans verd «finnane» – plass i den litterære verda. Samane er til stades frå første til siste bandet i *Juvikfolke*.**

Duun inn på linje. For samstundes som Øverland kjempa mot samnorske former, anerkjente han Duun som var samnorskinganes fremste litterære ideal. Om setningen er alt og ordet inkje, som Duun hadde lært av kårkallen Andreas, går Duun heilt fri for diskusjonar om kva som er dei «rette» formene i ordboka. Her bør også norsklærarar av alle språklege legningar låne øyre til Duun, til kårkallen Andreas og – av alle – til Arnulf Øverland. Det som fell utanfor norma, kan ha sin verdi sjølv om det ikkje er «rett».

Verket

Dei seks romanane om *Juvikfolke* kom ut i åra 1918 til 1923. Samla gir dei historia om ei slekt i Ytre Namdalen. Dei første juvikingane går i land i det første bandet *Juvikingar*. Dei tar seg både land – og kvinner – med «makt og hard framferd». Enkeltpersonane trer tydelegare fram i tida omkring Napoleonskrigane først på 1800-talet, men tilvisingane til realhistoriske hendingar er særns vage gjennom heile verket. I band tre, *Storbrylløppe*, har vi komme fram til tida rundt 1880. Der striden før stod om land og retten til ved og tømmer, står han no stadig meir om pengar. Dei tre siste banda er konsentrerte om Odin som blir både næringsutviklar med fabrikk og ordførar i bygda. I det siste bandet *I stormen* har vi komme fram til tida omkring den første verdskrigen.

Juvikfolke er historia om ei slekt og om korleis enkeltpersonar skal føre slektsarven vidare i eit samfunn som forandrar seg. Ein av dei aller største verdiane er då at Duun aldri fell for freistinga til å idealisere verken tradisjonen eller notida. Dei gamle juvikingane fer ikkje vakkert fram. Interessekonfliktane mellom bønder og arbeidarar i det som var Duuns notid, får også fram det verste i folk. Tradisjonssamfunnet var eit patriarkalsk samfunn, men Duun gir kvinnene stor plass og utviklar dei til karakterar. Som mannfolka har også dei både sterke og svake sider. Då Åsel Håberg får vite at Kjerstina i Juvika nesten har mista livet i ein for tidleg fødsel, og at det er son hennar Peder som er barnefaren, oppsøker ho sjølv jenta på sjukesenga. Ho vil ikkje at historia skal komme ut, og ho lyg for dyrlegedottera Andrea som etter planen skal bli svigerdotter hennar.

Åsel er ei sterk kvinne og ein tradisjonsforvaltar, og i hennar auge handlar ho for å trygge slekta og garden som no har blitt Håberg. Det kan ikkje gå bra, og det gjer det heller ikkje. «No hi æ ikkj fleir bonn å mist», må til slutt Åsel sanne. Då har tæringen tatt knekken på det siste av dei fem barna hennar. Vi er djupt nede i «ein bårdal i ætta», for å bruke verkets eigen terminologi. Det er svært stor avstand mellom oss som les dette i dag, i ei tid der storgardane blir lagde ut for sal på finn.no, og tida då Duun skreiv *Juvikfolke*. Lesarane hans, i alle høve dei norske, visste kva slekt, gard og odel handla om. Når dette då kjennest relevant i dag, er det fordi konfliktane i Duuns verd stadig lever vidare i vår eiga verd, om då i andre former.

Dei andre

Når Duun gir så stort rom for karakterutvikling av både kvinner og menn, handlar det om *representasjon*. Både kvinner og menn finn moglege bilde av seg sjølv igjen i verket, og Duun har appell til lesarar av alle kjønn. Så usamde



FOLKESPRÅK: Duun var nynorskbrukar, men ingen målmann. Morfolo-
gikampen fekk andre ta seg av. Han sjølv var meir opptatt av å gje dialektane høgverdig status, ved å aktivt nytte det i forfattarskapen.

Foto: Anders Beer Wilse

som til dømes min kollega Grethe Syéd og eg kan vere om Duun, er vi likevel, som kvinne og mann frå same generasjon, einige om at Olav Duun er ein sterk og relevant forfatter. Men representasjon handlar ikkje berre om individ. Det handlar også om kulturar, etnisitetar og folkegrupper. Duun er den einaste klassikaren i norsk litteratur som verkeleg også gir samane – i hans verd «finnane» – plass i den litterære verda. Samane er til stades frå første til siste bandet i *Juvikfolke*, og også i andre bøker, slik samane i sær lang tid har levd ved sidan av «oss», det vil seie nordmenn med forankring i ein etter kvart hegemonisk kultur, i Noreg. Og om det er slik at «det er uroa som driv verke, både i klokka og i verda», som Anders Håberg seier, er kulturmøtet mellom samane og bøndene noko av det som skaper denne uroa i Duuns verd.

No blir det med ein gong vanskeleg, for i framstillinga av samane og det samiske stiller Duun potensielle sensitivetslesarar på umoglege prøver. «Finnlus og fark», heiter det ein stad. «Om du hadde vore ei finn-førkje så hadde eg teke deg lell», heiter det ein annan stad. At det er ei form for rasisme – eller kanskje meir presist rasialisering – som her kjem til uttrykk, er heva over tvil. Berre ordet «finn» i seg sjølv er vanskeleg. «I dag oppfattes betegnelsen som nedset-

tende», heiter det om ordet «finn» i *Store norske leksikon*. Det er ikkje heilt av vegen å samanlikne ordet «finn» med ordet «neger», som også tidlegare var i brei bruk, men som i dag tvillaust er så nedsettande at det endåtil blir vaska ut i eldre skrifter. Men om ein hadde vaska bort nemninga «finn» frå Duuns bøker av sensitivetsgrunnar, ville ein opplagt vore usensitiv andsynes litteraturen og kulturen.

Det er ein del av kvalitetane hos Duun at han faktisk viser fram dei konfliktane som eksisterte i tradisjonen, som då dannar eit bakteppe for dei konfliktane ein til dømes ser mellom samar og storsamfunn på Fosenlandet i dag.

Dragnet

Det heitte seg at «finngann» – det vil då seie samisk magi eller trolldom – ikkje beit på dei gamle juvikingane. I nyare tid blir dette annleis. Per Håberg blir utsett for gann heilt direkte. Då han så blir helselaus, fell han i tankar om at det er gannkula som har treft han. Anders Håberg, ein av dei sterkaste ættekarane i nyare tid, trassar tradisjonen og giftar seg med samejenta Solvi. Slikt skulle ikkje ein bufast bondeson gjere, men Anders gjer det likevel. Solvi fører lykka til gards, men samstundes går det dårleg elles i bygda. Då vil folk ha det til at det er ho Solvi som har trolla det →

“**Duun er ikkje motsett tidas jazz. Duun er jazz. Duun er groovy og har det som rapparane vil kalle flow. Slik kan Duun halde fram med å glede oss og forarge oss.**”

til både på godt og på vondt. Anders sjølv gir etter for overtrua og jagar både Solvi og sonen frå garden. Det endar med at Solvi – vakre og eie-gode Solvi med smilehol og berre varme og varlege trekk – blir drepen i ei steinskrei utløyst av Petter som ein gong har vore kjærasten hennar. Handlingstråden strekkjer seg vidare fram til Odin i dei tre siste banda, som brått giftar med nordlandsjenta Ingri. Det er Odin som seier at han hadde «teke» Ingri om så ho hadde ei vore «ei finn-førkje». Slik blir handlinga i det siste bandet knytt saman med den største ugjerninga i slektshistoria.

Nei, Duun gjer det ikkje enkelt verken for seg sjølv eller for lesarane sine. Det er i alle høve ikkje slik, som det heitte på diplommet for den tyske Steffens-prisen i 1936, at Duun berre hadde skildra «reine nordiske bondeætter». Drapet på Solvi er ein tragedie som blir liggande i sentrum for konfliktane i heile verket. Då Anders Håberg ligg på det siste, tenkjer han at i høve til Solvi hadde han «berre gjort som slekta sette meg til. (...) Ho var tå finn, stakar; det var det; kunde ikkje vera her, ho».

Anders har framleis varme kjensler for Solvi og tykkjer synd om lagnaden hennar. Likevel meiner han at han i grunnen måtte handle slik som han gjorde. Tragedien, og Anders sitt tragiske feilgrep, var i så fall at han i det heile fall for freistinga til å gifte seg med ei samejente. Duun-eksperten Rolv Thesen meinte i si tid at han kunne forstå kvifor Anders jaga Solvi vekk. Det er Halldis Moren Vesaas som fortel om dette i minneboka *I Midtøys bakkar*, og ho kunne for sin del aldri få seg til å forstå kvifor Solvi måtte vekk. Moren Vesaas kjente bondetradisjonen frå innsida, men ho las også ut frå erfaringar frå eit moderne og frigjort kvinneliv. Vi som les *Juvikfolke* i tilbakeblikk, må slutte oss til Halldis Moren Vesaas om vi då ikkje skal akseptere rasistiske logikkar og lese-måtar.

Duun seier ikkje tydeleg kva som er rett og gale, men viser fram kor nådelaus ein slektslogikk med reine blodslinjer med naudsyn må vere. Det fører til drap. Og om Solvi og son hennar fell som offer for ei steinskrei, er det likevel ikkje naturen som drep dei. Det er kulturen som drep. I historia om Solvi ser vi refleksar av reelt eksisterande kulturkonfliktar og rasisme i det norske samfunnet med linjer som strekkjer seg heilt fram til vår eiga samtid, til striden om vindmøller på Fosenlandet og namnet på ein fotballstadion i Tromsø. Og ja, her finst også konflikter på individnivå. Når Duun har blitt kalla ein etikar i norsk diktning, er dette rett. Ikkje fordi han syner oss svar på kva som er rett og galt, men fordi han viser fram problemstillingar og dilemma – gjerne sett på spissen – som viser fram kor komplisert verda og menneska i grunnen er sett saman.


Den kontroversielle

Duun har blitt verdsett over heile spekteret i litteraturhistoria, frå dei konservative Daniel Haakonsen og Vigdis Ystad til dei meir radikale Bjarte Birkeland og Willy Dahl. Men så snart tematikken i bøkene blir drøfta, har han vore omstridd, frå teologen Eivind Berggrav til AP-politikaren Trond Hegna i *Arbeidernes leksikon*. Slik er det med sterk litteratur som ikkje fell innanfor støypeskeiene, men som har innhald og kraft som flyt over og finn sine egne vegar.

Eivind Berggrav var samtidas fremste teologiske autoritet. Då han kritiserte Duun, var han biskop lengst nord i Noreg, i Hålogaland. Seinare blei han biskop i Oslo. Truleg hadde han kjennskap til Duun frå tida han arbeidde ved Holmestrand lærerskole. I møtet med diktinga til Duun fann biskopen fram dei aller sterkaste orda han hadde til rådvelde. Duun gjer «hele bunnen til pur ondskap», meinte Berggrav, «det hele landsens liv er en eneste kake av ondskap og nederdrekthet og drifter». Her fanst berre eitt einaste unntak, og det var Ragnhild i *Medmenneske* frå 1929. Berggrav godtok ikkje dette:

Men det er diabolisme, det er løgn at det er realistisk. Sandelig er Synnøve mer i pakt med virkeligheten enn dette. Og Duun knekker sig om han ikke vender om og lærer å se mennesker i lys av noget annet enn av svarteboka.

Når eg siterer denne bannbullen frå tidsskriftet *Kirke og kultur* i 1930, er det som eksempel på *litterær anerkjennning*. Sjølv sagt vitnar dette om ei tid då litteraturen blei tatt på alvor på ein heilt annan måte enn kva som er tilfellet i dag. Duun stod på innsida av ein tradisjon som Berggrav



berre kunne sjå frå utsida, og han reagerte med frykt og avvising, slik kulturen og kyrkja stundom har gjort i høve til krafta i det ukultiverte. Berggravs uforstand kan vel helst liknast med det vi fekk sjå hos ein annan sterk representant for den høge og sanksjonerte kulturen, forfatteren Dag Solstad, som i 2015 gav ut ei lita bok om Duun på oppdrag frå Nasjonalbiblioteket. Rett nok blei ikkje Solstad fylt med frykt i møte med Duun. Han kunne berre ikkje finne noko som var relevant for han som modernistisk forfattar.

Berggravs fordømming medverkar til å stadfeste at Duun er provoserande, spennande og interessant. Solstads ignoranse er symptom på noko heilt anna. Når sjølv ein så sterk forfattar er tonedøv overfor kvalitetane hos Duun, viser det kor fort kulturen finstemmer seg og skaper avstand til krafta i tradisjonen. Modernisten Solstad har forspist seg på madeleinekake. I møtet med Duun framstår han som kultursnobben som rynkar på nasen når det kjem tradisjonskost på bordet.

Motsett tidas jazz?

«Hans Diktning er i Aand og Dybde motsat Tidens Jazz», skreiv Knut Hamsun i høve Duuns 25-årsjubileum som forfattar i 1932. Den reaksjonære Hamsun fornekta seg ikkje, men det er synd at desse orda blei gjentatt av velmeinande duunianarar også etter krigen, for orda er både mistydande og i verste fall stigmatiserande. Nei vel, så var ikkje Duun kulturpolitisk korrekt, og det har heller aldri jazzen vore. Jazzen er forankra i ein urein og folkeleg tradisjon, men har etter kvart funne vegen vidare som kunstform med aksept i både konserthus og konservatorium. Den same rørsla har vi sett hos Duun, frå stilidealet til kårkallen Andreas til nobelpriskandidatur og stive permar med støtte frå Kulturrådet. Duun er ikkje motsett tidas jazz. Duun er jazz. Duun er groovy og har det som rapparane vil kalle flow. Slik kan Duun halde fram med å glede oss og forarge oss.

Det var synd at Duun reiste til Tyskland og tok imot Steffens-prisen i 1937 for si skildring av «reine nordiske bondeætter». Vi kan kanskje vere samde om at dette ikkje var den klokaste tingen å gjere i eit einsretta og nazistisk Tyskland. Men då Duun – «sjørørdaren» Duun som Olav Dalgard kalla han – faktisk ikkje skildra «reine nordiske bondeætter», er ikkje dette den endelege dommen over diktinga hans. Så vesentleg og så viktig var Duun at han fekk ein biskop i samtida til å snakke om diabolisme og svarteboka. Framleis er han så sentral at Dag Solstad kan få seg til å skrive ei bok om ein forfattar han eigentleg ikkje tykkjer om. Derfor kjem somme av oss til å halde fram å lese Duun. Og lesing vil i dette tilfellet seie å lytte til røysta og melodien i talestraumen. Nettopp der har du det heilt unike hos Duun som du ikkje finn hos nokon annan av dei norske klassikarane. – Eg har kjent meg som ein prest i ei tom kyrkje, sa Duun sjølv. Ja, om det så skulle vere god plass i kyrkja, gir stemma hans djup klang mellom veggene.

MÅLLAGET INFORMERER

Nynorskdagen 2023

Etter fjorårets suksess med ein nasjonal markeringsdag for nynorsk, vil Mållaget og Målungdomen nok ein gong invitere alle i Noreg til å skrive nynorsk 12. mai.

Den 12. mai 1885 gjorde Stortinget eit historisk vedtak. Då vedtok Stortinget å likestille nynorsk og bokmål gjennom «jamstillingsvedtaket». Dagen kallar vi nynorskdagen, og vi vonar alle medlemene og lokale lag vil vere med på å spreie ordet. Målet er å få sjå litt meir nynorsk rundt oss, særskilt på plassar der vi vanlegvis ikkje ser han.

Nynorsk er for alle!

Nynorsk er eit nasjonalt språk som alle i Noreg lærer i skulen. Målet vårt er å ufarleggjere det å skrive nynorsk for dei som sjeldan eller aldri gjer det, og elles å vise fram det flotte språket og organisasjonane våre.

Korleis markerer vi dagen?**A) Skriv nynorsk på nynorskdagen**

Noregs Mållag og Norsk Målungdom vil sende direkte utfordringar til statlege verksemder, politiske parti, frivillige organisasjonar, aviser og andre om å skrive nynorsk denne dagen. Dessutan sender vi ei eiga oppmoding til barne- og ungdomsskular om å nytte nynorskdagen i undervisninga.

Lokal- og fylkeslaga våre sender oppmodingar til aktørar lokalt. Det kan vere kommunen, biblioteket, skulen eller barnehagen, ulike frivillige organisasjonar eller verksemder som ikkje brukar nynorsk til vanleg.

B) Sosiale medium

I sosiale medium brukar vi emneknaggen #nynorskdagen for å nå så mange einskildpersonar som mogeleg. Vi kjem til å sende ein «skriv nynorsk»-penn til nokre av dei som tek utfordringa.

- Kven vil du invitere til å skrive nynorsk? Tenk på lokale verksemder, organisasjonar, kommunen, offentlege personar, vener og slekta.
- Skriv «Eg skriv nynorsk på #nynorskdagen» på Twitter, Facebook eller Instagram
- Lik eller del nynorsk der du ser han.
- Skriv nynorsk, les nynorsk, eller syng ein nynorsk song.
- Kjøp ei vare på nynorsk.
- Vi kan ynskje kvarandre til lukke med nynorskdagen.



STEMNINGSFULLT: God stemning på skrivarstova på nynorskdagen i 2022. Foto: Kjartan Helleve

C) Stå på stand / lag tilskipping

Vi vonar mange lokallag nyttar høvet til å lage ein festdag for nynorsken med å stå på stand, lage språkkafé eller ha ei anna tilskipping (hørde vi kake?). Bruk 12. mai til å invitere fleire til å bli frivillige i Mållaget og til å invitere fleire inn i språket. Vi set saman ei stand-pakke med masse flott tilfang, som vi sender gratis til alle lokallag som vil ha. Vi lagar også materiell som kan brukast til å lage eigne plakatar, flygarar og t-skjorter. Det viktigaste er at Mållaget og Målungdomen er synlege denne dagen og at vi markerer nynorsken på ein positiv måte. Vi ynskjer alle ein god nynorsk dag!

Lurer du på noko:

Ta kontakt med Hege Lothe i Noregs Mållag: 92 64 83 48 hege.lothe@nm.no

Jøgvann Helge Gardar i Norsk Målungdom: 95 07 88 18 jogvan@malungdom.no

Tilsette:

Gro Morken Endresen, dagleg leiar, tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60, gro.morken@nm.no

Erik Grov, organisasjonsrådgjevar, tlf. 23 00 29 30, erik.grov@nm.no

Per Henning Arntsen, økonomirådgjevar, tlf. 23 00 29 35, per.arntsen@nm.no

Ingar Arnøy, skulemållskrivar, tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00, ingar.arnoy@nm.no

Hege Lothe, informasjons- og organisasjonsrådgjevar, tlf. 92 64 83 48, hege.lothe@nm.no

Vemund Norekvål Knudsen, redaktør og rådgjevar, tlf. 23 00 29 32 • 97 68 43 99, vemund.knudsen@nm.no

Frida Pernille Mikkelsen, politikk- og kommunikasjonsrådgjevar, tlf. 23 00 29 34 • 48 24 87 47, frida.mikkelsen@nm.no

**NORSK MÅLUNGDOM**
malungdom.no

Leiar: Tobias Christensen Eikeland, Telefon: 94 89 49 69, E-post: tobias@malungdom.no

Skrivar: Jøgvann Helge Gardar E-post: jogvan@malungdom.no Telefon: 95 07 88 18

Kontormedarbeidar: Olav Wixøe Sveta E-post: kontor@malungdom.no

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 Oslo Telefon: 97 34 28 64 E-post: norsk@malungdom.no

Kontonr.: 3450.65.48707

**NOREGS MÅLLAG**
nm.no

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Telefon: 23 00 29 30
E-post: nm@nm.no

Kontoradresse: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Kontonr.: 3450.19.80058

Leiar: Peder Lofnes Hauge 95 12 26 89 / peder.hauge@nm.no

Nestleiar: Synnøve Marie Sætre 92 69 53 30 / synnove.setre@nm.no

2 ■ 2023
Norsk Tidend
Framhald av Fedraheimen og Den 17de Mai

Prent: Amedia Trykk
Opplag: 14 700
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonsar:
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm
Tillegg for tekstsida: kr 0,50,-/mm
Spaltebreidd: 45 mm
Kvartside: kr 3 000,-
Halvsida: kr 5 000,-
Heilsida: kr 9 000,-
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stofffrist nr. 3, 2023:
4. juni

Det stod forleden et slag i et menighetsmøte i Bergen om landsmål og riksmål i domkirken [...] Der blev brukt skjeldsord som «mållkrappyl» og insinueret at de prester som taler landsmål eller vel rettere folkemålet – ikke kan være riktig kristne prester.

Østlendingen, 1923

Skal underofficersskolerne gaa endnu videre og kanskje lade al undervisning foregå på landsmål, vil dette ikke alene føre til at skolerne kulturelt sættes i et lavere nivåa end de øvrige middelskoler, men det vil ogsaa være til stor skade for armeen, idet et mindretal af de udskrevne mandskaber vil forstaa det sprog som de saaledes uddannede befalingsmænd taler.

Den 17de mai, 1923

Kvar frilyndt ungdom må kjenna det som si plikt å lære både sitt eige bygdemål og landsmål.

Austland, 1923

Vi her nord er ogsaa glade i vårt morsmål. Men det kunde derfor ikke falle oss inn å ville påtvinge det øvrige land akkurat våre bygdemål. – Vi er glade i våre nordlandsdialekter, ja. Vi vilde være meget mere glade i dem – være sikker på det – hvis ikke dette Vestlandsmålet (som så smukt, men ikke destomindre så grunnfalskt er blitt kalt vårt landsmål) ved sine påtrengende fakkeltbærere i årenes løp hadde øvet en så splittende virkning i bygdene.

Lofotposten, 1923

Vestlandske mållag samla til årsmøte krev av riksmagterne at dei held fast på all gammalt rett til Grønland.

Gula Tidend, 1923

på tampen



Men forsoninga mi får du aldri

■ Nyleg sat eg på teamsmøtet til eit kunstnarisk råd og snakka om at eg elska uforsonleg litteratur og korleis det kan bli ein interessant post på festivalprogrammet. Ei av dei andre medlemmane plukka opp tråden og sa seg einig i at ho au kunne tenkt seg ei samtale med konseptet Hemn og noko anna. Ho hadde eit konkret ord etter hemn, men eg hang meg så opp i tolkinga av det uforsonlege som hemn at eg har gløymd kva ho sa. Det uforsonlege i norsk litteratur er relativt nytt, eg minnest at då eg kom ut med *Det er lenge til skumring*, blei dei fleste kritikarane slegne av kor uforsonleg ho var. Det har kome fleire uforsonlege romanar i det siste, mellom anna den kritikarrote og Nordisk Råd-nominerte romanen *Forbrytar og straff* der Kathrine Nedrejord prøver å skriva frå synsvinkelen til mannen som valdtok ho. Tonen i *Forbrytar og straff* er rasande og ja, uforsonande, og i det grunnleggande unorsk. Bjørnson i si tid forma forsoning, ein arv norsk litteratur i stor grad har halde på. Det er gjerne i møte med andre kulturar der forsoning ikkje er like gitt, ein støyter på den uforsonande litteraturen.

■ Hemn sa ho. Hemn. Meiner ho at det å vera uforsonleg er det same som å hemna seg? Eg kjem frå ein kultur der forsoninga kjem ved at den som gjer urett innrømmer skuld, er villig til å gjera bot. Det held ikkje å seia orsak utan å meina det. Krigen på Tamil Eelam/Lanka vara i mest tretti år, og årsaka til at me ikkje krigar framleis, er av di tsunamien i 2004 trefte kjerneområda til Tigrane (LTTE), og singalesarane utnytta katastrofen til å låna så mykje pengar av Kina at dei no er i evig gjeld, til å kjøpa seg militært utstyr og hjelp for å slå oss. Me veit at om me vender det andre kinnet til blir me slegne, me blei trass alt koloniserte av vesten i femhundre år.

■ I Noreg opplever eg at tilgjeving er noko folk ventar å få, og det å halda tilgjevinga tilbake er ei større synd enn den opprinnelege. Personleg tykkjer eg at dette er noko av

det vanskelegaste med norsk kultur. For om du ikkje er lei deg for at du såra meg, om du meiner handlingane dine er grei oppførsel, fortener du då tilgjevinga mi? Det er ikkje det at eg ikkje likar å tilgje, er du ein av dei eg er glad i, tilgjev eg kanskje for lett, men eg vil at tilgjevinga mi blir verdsett. At det er noko du set pris på.

■ Sjølv sagt, essensen av forsoning er at ein er villig til å sette desse kjenslene til side for å oppnå harmoni, samarbeid, og det ein er veldig glad i i Noreg, nemleg semje. Likevel er det uforsonlege eit langt stykke frå å hemna seg. Hemn er ei handling, når du er uforsonleg møter du ikkje din motpart, det er eit fråvær. Å hemna seg er å kutta opp bildekka til eksen som var utru, i sann uforsonlegdom er det ikkje eit mål å såra motparten, du ser av ei eller anna årsak ikkje høve til forlik.

■ Ordet forsoning er i seg sjølv interessant, du har prefikset -for, som kjem frå det tyske vor- (ver-) som opphavleg uttrykte noko nektande, hindrande, -sone-, som au kjem frå tysk og tydar: betala erstatning for, og suffikset -ing. Du skal ikkje sona. Dette konseptet gjeng imot kvart einaste bein i kroppen min. Er det reelt mogleg å forsonast med valdtektsmannen din slik Nedrejord ikkje maktar? Er det mogleg å forsonast med folket som utførte eit folkemord på ditt folk? Ein kan akseptera det som har skjedd, ein kan tilgje utan orsak, det er sunt, men ber ein ikkje om for mykje når ein krev forsoning for somme handlingar? På slutten av dagen kan du få tilgjevinga mi, ho er eg raus med, men forsoninga mi? Det sit lenger inne, eg er trass alt ikkje Jesus.

■ I all min uforsonlegdom slår eg likevel eit slag for det forsonande i norsk litteratur. Det er unikt i verdssamanheng og veldig typisk norsk, og det norske skal me ta vare på. Det er me samde om.